

Stavanger Aftenblad

18. februar 1987.

Tilstanden til bygningane i tunet på Kvia var ikke sprek, men entusiasmen til den nye museumsleiaren var det ingenting å sei på.



SA 18/2-87

kommer Jærmuseet

bak storsatsingen som legger beslag på 55 dekar i Hå

Helle sjø kommuner - Randaberg, Søla, Sandnes, Gjensdal, Klepp, Time og Hå - står bak kjempenasjoninga. Museet vil legge beslag på heile 55 dekar. Her skal kommunene vise utviklingen av landbruksret i Rogaland fra rundt 1850 og fram til i dag. Museet skal også vere en arbeidsgjengorganisasjon for bygdesamfunnet omkring.

Bygge til 20 mill.

levende og direkte milde demonstrere forskjellige redskap og døsokulturer. Tilbudet vil neslig vere rettet mot skoleklassar.

Planen er også å restaurere tunet på Auda Motland, der den eldste delen er frå 1600-talet. Dette er et av de eldste husene i Rogaland. Nir museumsmøllene tenker høyt, ser de her for seg matservering og en aktiv bruksson på Hå gamle prestegård.

I Silens plaslegger man å restaurere en jernaldergård. I området liggjar det restar

bitr sursumen for den enkeltståande kommunen ikke så stor. Jeg tror dette skal gå godt, sier Saeterland.

Han understreker at Jærmuseet ikke blir til over natten. Berndt om på leir og magasiner står hundrevis av gjestlander og bare verrier på utstillingsplassen. Allerede før ti år siden vedtak bygdemøssen at man ønskte samarbeide om et landbruksmuseums. Selve museet ble så opprettet i 1985.



Vist til museet krenar store investeringar, deler av mange, sier Ollefrid Saeterland, at de nye kommunene skal bekke ut av pr

- En stor utfordring

- Utfordring blir stor. Det er ikke lett å plassere et mygg på over 2000 kvadratmeter inn på området til Jærmuseet. Her har vi et landskapstype som krever svært vansonarbeide om et landbruksmuseums. Selve museet blir ikke opprettet før 2000 år tilbake, sier Haasten.

Det står arkitektene Hans Jacob Haasten og Dag Ni-

og direktør i terrenget på Jæ-

ren.

- Dette er en øverst spennende oppgave for oss. Ikke har vi et omstendig terreng. Historien kan med sikkerhet spennende føres 2000 år tilbake, sier Haasten.

Museumsaskeladden på Jæren

LARS GAUTE JØSSANG

Jærmuseet (JM) hadde ein trond og mødesam start på 1980-talet. Men her var voksterjord og vokstervilje. Rett nok såg det smått og potle ut ei tid. Trass i vonbrot og nedturar gav ein seg ikkje. Stein blei lagt på stein og nytt museumsland blei rydda. Lenge hadde museet berre tre faste folk pluss ein del mellombels tilsette. I 2009 stod over 80 på lønningslista, gode for vel 50 årsverk. Dei fyrste åra låg budsjetta på rundt millionen. I 2009 var inntektene på over 41 millionar kroner. Vel 36 000 besøkte JM i 1995, i 2009 var over 144 000 innom. Vitengarden på Kvia (Nærbø) og Vitenfabrikken i Sandnes fortel på sitt vis om vokster og utvikling. Ikkje få millionar har blitt sylta ned i denne infrastrukturen. Rundt desse sentra finst mange mindre museum og kulturinstitusjonar som alle soknar til JM, eller rettare sagt, som er JM. Til saman dreier det seg om ei stor og mangslungen verksemd, geografisk spreidd og med interesse og engasjement for det meste. JM er i dag eit museumskonglomerat, eit «kulturkonsern», med ei breidde og eit nedslagsfelt langt ut over det som låg i dei fyrste spadetaka. Mykje har lukkast, og dei siste åra har det heller ikkje skorta på heider og ære.

JM har på mange måtar ei oppsiktsvekkande historie. I denne artikkelen skal *den* sporast, og då sett ut frå «hovudinstitusjonen».¹ Det overordna spørsmålet kan formulerast slik: Korleis kunne JM få til så mykje og koma så langt på så vidt kort tid? All sosial endring, eller historie, blir til i grensesnittet mellom aktørar og strukturar. Aktørar kan vera alt frå enkeltpersonar, til institusjonar og organisasjonar, inkludert styresmakter lokalt, regionalt og sentralt. Strukturar handlar om rammevilkår og føringar av så vel politisk som økonomisk, sosial og kulturell art. Dei slår også inn og gjer seg gjeldande på ulike nivå, og tvingar utviklinga eller historia inn i sine spor. Det er tale om eit komplekst samspel mellom ulike personar og instansar på den eine sida og meir situasjonsbestemte tildriv på den andre.

Slik er inngangen. Brote ned til konkrete spørsmål betyr dette: Kva var det som gjorde at tanken om eit interkommunalt museum på Jæren tok til å festa seg? Kven var pådrivarane, og korleis blei dette til ei «sak»? I 1985 blei JM etablert, og det er rimeleg å gå grunnleggarane, visjonane, måla og strategiane nærrare etter i saumane. Det første byggetrinnet på Kvia blei opna i 1995. Kva handlingsrom opna det? Fram mot årtusenskiftet blei undervising og det pedagogiske grepet tydelegare. Denne dreininga synest å ymta om ei varsam nyorientering. I 2001 presenterte JM seg også som vitensenter, og la med det ei ny alen til verksemda si. Skipinga av Vitengarden og Vitenfabrikken noko seinare tyder på ei heller radikal omlegging. Samstundes er det i desse åra at JM verkeleg fekk luft under vengene og voks. Denne siste utviklinga reiser også spørsmålet

om kva institusjon JM eigentleg har blitt. På eit meir allment plan må JM også sjåast på som ein del av ein større heilskap. For å visa det tek artikkelen spenn tak i nokre overordna forståingsrammer.

MUSEUMSLANDET

Å samla inn gamle gjenstandar, registrera, oppbevara og stilla dei ut for eit interessert publikum skaut fart på slutten 1700-talet. Museumsetableringane hadde samanheng med vidtgåande politiske, økonomiske, sosiale, kulturelle og religiøse endringar. Summen av alt dette blei nye samfunn. Noko av det mest slåande var overgangen frå fyrstestyre (einevelde) til folkestyre i mange land. Demokratiseringa gjekk hand i hand med nasjonsbygging og sterke nasjonalstatar. I pakt med dei romantiske straumdraga blei folket på mange vis den sentrale kategorien. Eigenarten, det som skilde eit land og eit folk frå eit anna, blei dyrka. Det gjorde at språk, historie og kultur, kort sagt identitetspolitikk, blei viktig. I den samanheng blei musea, ved sida av skulen og biblioteka, nøkkelinstitusjonar. Dei skulle gje innhald, struktur og mening til den nasjonale forteljinga. Musea blei kort sagt ein kunnskaps- og danningsarena.²

Utviklinga i Noreg fell inn i dette mønsteret. Men ulikt dei store kulturnasjonane fekk museumsstallet her eit folkelegare preg. Det blei ikkje berre skipa store museum på riksnivå, finansiert og støtta av det offentlege. Utover i Bygde-Noreg, i periferien, grodde det fram eit mangfold av ulike museum tufta på idealisme og frivillig innsats. Dei fleste spegla lokale variantar av bonde-samfunnet og bondekulturen. Utover på 1900-talet

fekk andre næringer og yrkesgrupper også sine muse-um. Alle hadde rett til ei fortid.³ Det som gjerne blir kalla for kulturhistoriske museum fekk ein dominerande plass. Dei femnde også om friluftsmuseum (bygdetun og liknande) og galleri. I ein kategori for seg kom dei naturhistoriske musea med vekt på biologiske, botaniske og zoologiske aspekt, dvs. meir naturvitenskapleg orienterte museum.⁴

Etterkrigstida var prega av økonomisk vokster, sterkt stat og velferdspolitikk. Gjennom eit vidgreina trygdesystem, skule- og helsestett tok det offentlege næraast eit totalansvar for borgarane sine – frå vogga til grava. Den statlege velferdspakken rømde også mykje kultur. Folk skulle ha ei meiningsfull og kveikande fritid. Ikkje få stod i tungt, monoton og keisamt industriarbeid. Staten oppretta ulike riksinstitasjonar som skulle bringa kultur til folket. Dette finkulturelle overrulings-systemet, som det i praksis var, fungerte ikkje heilt som tenkt. Kunstnarane hadde språk, veremåtar og uttrykksformer som først og fremst appellerte til dei velutdanna, danna og etablerte sjikta av befolkninga. Mykje blei av og for eliten.⁵ At det lokale og stadbundne på sett og vis blei nedvurdert, råka også museums-bransjen.⁶ Men dette kom det ein snunad på.

Blei 1950- og 1960-åra prega av vokstervisse, kraft-utbygging, rovdrift, storindustri og sentralisering, kom andre verdiar i førarsetet det neste tiåret. Ei raudgrøn bylge sveipa over landet. Lengten tilbake til opphavlege, ekte og naturlege greip om seg. Bygda, garden, det enkle fiskebruket og småskalaindustrien blei sett på med nye augo. Her var førmoderne og førindustrielle

livsformer som tyktest meir berekraftige enn nokon gong. Gripne av desse straumdraga vende mang ein utflytta bygdeungdom blikket mot heimbygda. Ein del urbanistar braut også opp, kryssa kulturgrenser og blei bygdefolk med mykje «tilbake til naturen»-mentalitet, i seg. Den enkle og rurale livsforma hadde stor appell.⁷

Dette omskiftet slo også inn i politikken. Distrikta, jordbruksfisket og anna rural økonomi fekk vind i segla. Det svarte gullet, oljerikdomane som låg gjøymt under havbotnen i Nordsjøen, gjorde det mogleg for staten å ta spanderbuksene på seg. Den slo om seg med store «oljesjekkar», heldt liv i skrantande industri, sette fart i jordbruksfisket og tilstøytande næringer og bygde velferdsstaten ytterlegare ut. Ikkje minst blei det satsa mykje på utvikling av velferdskommunen. Sidan oljelandet ved brekanten sette seg som mål å skapa «et kvalitativt bedre samfunn» for alle, blei også kulturfeltet tilgodesett.⁸ Tiåret blei ei kulturell blømingstid. Det lokale, nære og kjære blei viktigare enn før. Under slike omstende overraskar det ikkje at museumstanken tok sterke tak. Det resulterte også i mange nytableringar kringom i landet. Dei offentlege stønadsordningane, initiert i 1975 og administrert av den nye fylkeskommunen, var ei viktig drivkraft. Utviklinga i Rogaland fell klart inn i dette mønsteret.⁹

AGRAR BERGINGSIVER

Jordbruksfisket fekk eit kraftig oppsving i 1970-åra. Bøndene, ikkje minst på Jæren, auka dyrkingsaktiviteten, reiste nye driftsbygningar med det siste innan fjøsteknologi, kjøpte nye og større traktorar mm. Opptrappingspoli-



Samarbeidsnemnda for bygdemusea på Jæren sikra seg tidleg ein dyktig handverkar som kunne restaurera landbruksmaskinar og traktorar. Det var Sverre Skjæveland som her sit på ein av traktorane han har restaurert, ein McCormick 10-20 frå International Harvester, USA. 1935.

Foto: Jærmuseet.

tikken bar raske frukter. Tidleg på 1980-talet meldte overproduksjonsskrømtet seg med full tyngde, og styresmaktene innførde mjølkekvetar og toprissystem. Bøndene måtte innsjå at «frisleppet» var slutt. Saman med ei raskt veksande Høgre-bylgje kasta dette skuggar over framtida til bøndene. Var dei på veg inn i solnedgangen?¹⁰ Tittelen på ei bok med utgangspunkt i tilhøva i Trøndelag, «Bondesamfunn i oppløsning», meir enn hinta om det.¹¹

På byrjinga av 1980-talet blei også museumspolitiken stramma inn. Dei gunstige finansieringsordningane som hadde blitt utvikla i det føregåande tiåret måtte potensielle nyetablerarar i stor grad berre sjå langt

etter. Denne snunaden fall i tid saman med ein økonomisk høgkonjunktur (jappetid), som med oljeprisfallet i 1985/86, slo over i ei bratt fallande kurve for økonomien. Innskrenkingar, konkursar, gjeldskrise, bankkollapsar og ei rekordhøg arbeidsløyse prega Dagsrevyen og avisoverskriftene. Siste del av 1980-talet blei i det store og heile ei vanskeleg tid. Staten, som tidlegare hadde vore overalt i økonomien, trekte seg attende. Han overlet meir av utviklinga til «marknaden» og til regionale og lokale aktørar. Tida var med andre ord lite gunstig for dei som gjekk svangre med museumsplanar.¹²

Og det hadde somme gjort ei tid. På slutten av 1970-åra breiddet det seg ei uro i bygdemusea på Jæren om dei var skikka til å forvalta fortida si på ein god nok måte. Var dei for spreidde, småskorne og amatørmessige? Mykje tyda på det. Men korleis skulle ein bøta på dette? Framlegg til den nye fylkeskulturplanen slo berre fast at Stavanger Museum måtte styrkast. Godtok ein desse premissane, aksepterte ein også at lite og ingen ting ville bli gjort frå det halde. Stein Sægrov, formann i styret for Høyland bygdemuseum, meinte at dette var reint for gale og kalla inn til «uformell samråding om det lokale museumsarbeidet på Jæren» i juni 1979. Som alternativ strategi blei det nemnt på at ein i staden burde arbeida for «å få skipa til eit ubunde hjelpe- og rettleiingsapparat for lokalmusea på Jæren».¹³ Samrådsmøte fann stad på Skeiene Gard først i juli. Sægrov gjorde greie for bakgrunnen, «aktuelle problem» i bransjen og at ein burde ta skeia i eiga hand. Innlegget fall i god jord. Sverre Kvadsheim (Hål) meinte det var «turvande at bygdemusea nå stod meir saman om

å fremja felles interesser». Ola Barkved (Time) «etterlyste tanken om å få bygd eit landbruksmuseum på Jæren». Hanne Varhaug Søberg kunne fortelja at musea i Hedmark hadde fått ein konservator på deling, ein modell som også kunne høva for Jæren. Mykje av tida gjekk med til å drøfta meir praktiske spørsmål. Til sist sette møtelyden ned eit arbeidsutval med Stein Sægrov (Sandnes), Andreas E. Svendsen (Klepp), Sverre Kvadsheim (Hå) og Serverin Bollestad (Gjesdal) som medlemmer.¹⁴


I september gjekk brev frå arbeidutvalet til formannskapa i Randaberg, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.¹⁵ Innleiingsvis blei det vist til det viktige kulturarbeidet lokalmusea stod for. Innsatsen hadde positive

fylgjer for den lokale identitetsbygginga. Sett inn i sine historiske samanhengar kunne samlingane også kasta ljós over «klassetilhøve, levekår» og elles visa born og unge korleis «livet i heimbygda» tidlegare hadde vore. Det lokale museumsarbeidet var også ein arena «interesserte lekfolk» kunne røra seg på. Stilt over alt dette positive og byggande, var det eit smertefullt faktum at bygdemusea inntil nyleg hadde vore «totalt forsømde» økonomisk sett. Tida var inne for å gje dei eit løft. I denne situasjonen var Stavanger Museum ingen trufast alliansepartnar. Den byinstitusjonen hadde alltid operert på «sida av dei oppgåvne bygdemusea (hadde, lgj) prioritert», og brydde seg lite og ingen ting om dei «særeigne» kulturtradisjonane på Jæren. Skulle bygdemusea koma ut av uføret, måtte dei rett og slett få profesjonell hjelp på anna vis. Etter Sægrov og arbeidsutvalet si mening kunne det best skje ved at det blei oppretta eit «felles hjelpe- og rettleiingsapparat» med kunnige folk i løna og faste stillingar ein stad på Jæren. Dette peika mot ein regional museumsinstitusjon med eigne vedtekter, styre, økonomi og stab som kunne initiera, samordna og organisera fellestiltak som forsking, utarbeiding av pedagogiske opplegg m.m. Kommunane støtta desse tankane.

Initiativet og utfallet var prinsipielt og politisk viktig. Same hausten blei «Samarbeidsutvalet for bygdemusea på Jæren» etablert – med kommunale representantar involvert. To år seinare gjekk dei saman om ei handverkarstilling som Sverre Skjæveland, med fartstid på Kvernelands Fabrikk, fekk. Stillingsa, som Høyland bygdemuseum administrerte, blei finansiert med ein



Stein G. Sægrov arbeidde som styreleiar for Høyland Bygdemuseum for å få verna Gjesdal Ljåfabrikk. Her er det eigaren av fabrikken, Fredrik R. Gjesdal som demonstrerer smiehammaren. Foto: Jærmuseet.



Innstillinga frå Samarbeidsutvalet i 1985 presenterte kulturminne frå alle jærkommunane på framsida.

fast kronesum pr. innbyggjar i medlemskommunane. Det var altså ein type «handverkarskatt». I 1983 la Samarbeidutvalet fram innstillinga *Bygdemusea på Jæren – planar for eit sameint kulturvern*. Ho tok til orde for ei samordning av museumsverksemda i ein felles institusjon på regionalt nivå.¹⁶

Fylkeskommunen var også på banen med tankar om eit landbruksmuseum i tilknyting til jernaldergarden på Ullandhaug. Men var det plassen? Burde det ikkje ligga lenger sør? Lokaliseringssdebatten, som fylgde desse planane som ein skugge, gjorde det heile noko ugreitt. Det førde likevel ikkje til at Fylkeskommunen drog inn årane. På slutten av 1970-talet la han til rette for inn-samling og registrering av nyare landbruksreiskapar. Interessa kunne nok vore større, men ein del verdfulle ting blei like fullt sikra. Skulle desse framstøytane ha noko for seg, måtte gjenstandane kunna visast fram for folk.¹⁷

Høyland bygdemuseum, med Stein Sægrov i spissen, var utslettet. I april 1984 vedtok museet å overføra landbrukssamlinga si til eit fellesmuseum. Fylkeskulturplanen, som samstundes blei revidert, tala om «et regionmuseum i Jæren-regionen...tillagt landbrukshistorisk arbeidsfelt som spesialområde».¹⁸ Museums-saka hadde blitt viktig. Den 21. januar 1985 samlast representantar frå Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå kommune til skipingsmøte i Time Rådhus. Også fylkeskultursjefen og fylkeskonservatoren var til stades. Forsamlinga utgjorde det som raskt blei til Jæren Museumsråd. På denne historiske dagen blei altså stiftinga Jærmuseet formelt etablert.¹⁹ Føremålet, slik det blei definert i vedtekten, slo fast at JM skulle dokumentera utviklingslinjene i jordbruket, ikkje berre på Jæren, men i heile Rogaland. Nedslagsfeltet gjekk altså ut over regionen. Ut over dette skulle JM også «styrkja vernet om bygdekulturen i regionen».²⁰ Dette var ei tid då alle bedriftene snakka om interna-



Ved byjubileet i Sandnes i 1985 blei nokre av dei første traktorane i det som skulle bli Jærmuseet si samling presentert for kong Olav. Ein stolt Stein G. Sægrov er omvisar når dei ser på den amerikanske Moline mod. D traktoren frå 1919. Foto: Jærmuseet.



Programmet til byjubileet i Sandnes romma også eit oppdrag bønder og bygdeungdom som viste fram historiske traktorar og landbruksutstyr. Foto: Jærmuseet.

sjonalisering, om å etablera seg ute. Eit «nytt» og ekspansivt EU var i ferd med å ta form.²¹ Dessutan hadde oljedråpane lenge overrisla Stavanger og Nord-Jæren med velstand og tiltakande urbanisering. Stasjonsbyane voks og voks. Var det slik at urfolket, bøndene, kjende seg truga av oljemoderniteten?²²

Somme av skiparane mislikte at landbrukshistoria fekk så stor plass i vedtekten. «Det ønskelige ville vært om Jærmuseet maktet å avspeile mangfoldet av den historiske vekst og utvikling på ulike felter tilhørende vårt distrikt, og som innflyttere og senere generasjoner også kunne identifisere seg med.» Om ein ikkje var direkte usamd såg likevel dei fleste faren ved å gapa for høgt i startfasen. No galdt det først og fremst å koma i gong, og ikkje minst, få samarbeidet og hopehavet mellom dei gamle bygdemusea og det nye regionmuseet på plass. Fylkeskultursjefen ville heller ikkje bygga Rom på ein dag. Det beste ville vera å ta eit steg om gongen.²³

To bønder blei sett til å leia JM, Nils Njå og Tobias Skretting, høvesvis frå Time og Hå (Nærø). Som formann og nestformann fekk dei framskotne posisjonar i det nye museumsføretaket.²⁴ Njå var ein vyrd og respektert bonde som i ord og gjerd symboliserte den trottige jærbonden. Samstundes var han ein mykje kulturinteressert mann og ei drivande kraft i kulturminnearbeidet i Time. Skretting var også bonde på jærsk vis, men i større grad ein politikar. Han var tungt inne i kommunepolitikken både for Senterpartiet, Venstre og Bygdelista. Etter kvart hamna han også i ordførarstolen med alt av formell og uformell makt som fylgte det embedet. Samstundes var han ein markant kulturdyrkar.



På Rådsmøte 2. april 1986 møtte desse som representantar frå kommunane: Bak f.v: Johan Vestvik, Randaberg; Magnar Flesland, Hå; Severin Bollestad, Gjesdal; Gerhard Frafjord, Gjesdal; Andreas Eig Svendsen, Klepp; Hilmar Rommetveit, Sola. Miden f.v: Egil Larsen, Randaberg; Kåre Løvaas, Sandnes; Sverre Kvadsheim, Hå; Ole Halleråker, Hå; Tobias Skretting, Hå; Gunnleif Løge, Sandnes; Bernt Øvregaard, Klepp. Frammme f.v: Terje Rott, Sola; Aagoth Grødem, Randaberg; Ingrid Vinningland, Time; Nils Njå, Time; Halldis Hognestad, Time; Torbjørg Sægrov, Sandnes, Hallstein Sæbø, Rogaland Fylkeskommune. Foto: Jærmuseet.

Han skreiv dikt og songar om liv og lagnad, han samla på ordtøke og gamle seiemåtar og stilte gjerne opp med kåseri og føredrag. Mykje av det nye og moderne hadde han også teke opp i seg. På sett og vis stod han planta med begge føtene midt i tida, med blikket både mot gårdsdagen og morgondagen.²⁵

I pakt med lovverket fekk stiftinga JM både eit råd og eit styre. Kven som tok plass i desse organa var ikkje uviktig. Då Sandnes-ordførar, Roald Bergsaker, blei vald inn i styret i 1988, var det eit tydeleg hint til dei an-

dre kommunane om å prioritera det nye museet. Og i dei neste valperiodane kom både Randaberg, Sola, Time og Hå etter med ordførarane sine. Det gjorde at JM-styret tenderte mot eit ordførarstyre med mykje legitimitet, makt og handlekraft. Med denne strukturen seier det seg mest sjølv at mange av dei viktige og prinsipielle debattane blei tekne på Kvía og ikkje i kommunestyresalane på Jæren. I museumsstyra rundt om sat vanlegvis ihuga idealistar, historie- og kulturinteresserte folk som ville mykje, men som vanta politiske ressursar.²⁶

MIDT I DEN JÆRSKE BONDESOGA

Når det formelle var på plass, kunne det eigentlege museumsarbeidet ta til. Eit hastespørsmål var sjølv sagt kvar museet skulle liggja. Ville jærkommunane makta å samla seg om ein høveleg stad? For så vidt var utgangspunktet ikkje så kleint. Dei hadde eit næringsliv med mange sams drag og elles mykje likt i politikk, kultur og kristenliv. Etter tilskuv frå fylkeskommunen, Stavanger kommune og visse næringslivskrinsar hadde jamvel tankar om ein storkommune på Nord-Jæren kome opp. Ein forskningsrapport peika på konsekvensar og moglegheiter.²⁷ Samstundes var det eit individualistisk drag i grunnhåtten til jærbuen. Såg han ikkje det opplagte i ting, kunne han fort bli mutt, tverr og tagal. På 1980-talet var det enno liv i «borgarkrigen» i Hå.²⁸ Til dette kom den stramme kommuneøkonomien. Når grunnleggande behov lokalt skulle stettast, var det langt frå sikkert at dei regionale museumsplanane ville nå opp.

Det blei lokaliseringskamp, i rådet, styret og i stiftarkommunane. Av kommunen sin, Sandnes, hadde Høyland bygdemuseum fått lov på ei tomt i eit nedlagt og aude sandtak på Vagle. Til og med teikningar av ein utstillingshall låg føre. Men dette alternativet kunne ikkje styret tenkja seg, og dermed fall Vagle ut på eit tidleg stadium i prosessen. Gjesdal lanserte Lima-garden utan å få dei andre med seg. Til gjengjeld var det større sympati for Øksnevad jordbrukskule i Klepp. Arkeologisk museum i Stavanger var ikkje direkte involvert, men gjekk likevel med lokaliseringsidear. Museet hadde festa augo på området Kvía/Audamotland



Utmarka på Kvía og nabogarden Audamotland er eit område med mange kultur- og naturminne. Her ligg t.d. ei stakktuft i framgrunnen og ned mot tunet på Audamotland skimtar ein gamle gardfar. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

på Nærø i Hå kommune. Her låg mange kultur- og fornminne som kunne knytast opp mot eit museum. Dermed kom sluttkampen til å stå mellom Øksnevad og Kvía. På det omframme rådsmøtet 19. juni 1986 i Time Rådhus stod ei sak på agendaen, – kvar skulle JM ligga? Forutan dei 32 røysteføre kommunerepresentantane, møtte fylkeskultursjefen og utsendingar frå bonde-, bondekvinne- og bygdeungdomslag på Jæren. Det var visseleg spenning i lufta, men debatten skal ha vore «sakleg og god». I den endelege avrøystinga fekk Kvía 19 og Øksnevad 13 røyster. Dermed gjekk dette Hå, Nærø og Kvía sin veg.²⁹

Kvia-garden låg tett opp til det som seinare skulle bli Hanabergmarka kulturminne- og friluftsområde på bortimot 700 mål. Det var eit vidsveimd beitelandskap urørt av både Brøyt, traktor og plog, men breiddfull av

historie og fortid. Her var funn som viste bruk og utnytting av natur og landskap frå steinalder, bronsealder, folkevandringstid, jernalder og mellomalder. I ein tidleg fase var det planar om å setja opp ein jernaldergard. Med tanke på å synleggjera den lange jordbruks historia kunne så vel jernaldergarden, som den førmoderne 1600/1700-talsgarden på Audamotland og den «nymotens» 1900-talsgarden på Kvia stå som døme på kvar sine bolkar. Få område hadde slike museumsressursar til rådvelde.³⁰

PÅ LÆGD

Museumsplanane opererte med faste og løna stillingar. For å koma i gong var det først og fremst behov for ein styrar, ein person som kunne gje museet eit andlet – eit menneske som kunne tenkja, planlegga og samordna dei tusen ting i lag med styret. Auga fall på Målfrid Snørte land frå Karmøy. Ho hadde sine første barneår på Avaldsnes, ein stad med mykje historie i seg. Det var på eit småbruk på Sør-Karmøy, nær sjøen, havet og fisket, ho fekk dei fleste åra. I oppveksten var ho aktiv i det lokale 4H-laget. Etter gymnaset studerte ho historie, sosialantropologi og etnologi, med magistergrad i det siste, ved Universitet i Bergen. Av desse var vel sosialantropologien det mest eksotiske faget. Det hadde hovudfokus på folk og (stamme-) samfunn under framande himmelstrok, og då gjerne av det meir «primitive» slaget. Ho vann innsikter her som skulle koma til nytte.³¹ I løpet av utdanninga hadde ho også museumspraksis ved Karmsund Folkemuseum, og dreiv elles med kulturhistoriske registreringar, både



Styreleiar Nils Njå gratulerer nytilsett styrar
Målfrid Snørte land med jobben i 1986. Foto: Jærmuseet.



Den nye styraren fekk med seg Nils Njå og Tobias Skretting på studietur til Danmark og Nord-Tyskland første hausten. Her var det viktig å bli kjend og staka ut kursen framover.
Foto: Nils Njå, Jærmuseet.

for Riksantikvaren og fylkeskonservatoren i Hordaland. Den fyrste yrkespraksisen var som museumsassistent i Haugesund. Til dette kom eit år som styrarvikar ved Ryfylkemuseet på Sand. Noko tilfeldig kom ho over ei annonse i Stavanger Aftenblad. Nede på Jæren trong dei ein museal bureisar, og interesserte blei bedne om å mælda seg. Akkurat kor mange det var, er uvisst. Tilsjetningsnemnda og styret kalla inn fem til intervju og av desse drog Målfrid Snørteland det lengste strået.³² Ho blei tilsett som styrar i juni 1986, og med det var ein viktig brikke på plass. Snørteland skulle «ha det administrative ansvaret for oppbygging og drift av museet, stå for det vitskaplege arbeid og elles driva eit aktivt museumsarbeid», som det stod i utlysingsteksten.³³ Det var ingen liten startpakke!

Det var i grunnen fyrst no at museet for alvor kunne begynna å arbeida. Etter eit års tid i kjellaren på kommunehuset på Varhaug, fekk JM kontor i det gamle rådhuset ved jernbanestasjonen på Nærbo. Å koma nærmare Kvía var sjølv sagt ein fordel. På den andre sida var det heller ikkje plass til utstillingar i dette lokalet. Det gjorde at gjenstandane framleis ville bli liggande rundt om i meir og mindre eigna lagerrom. Frå eit verne- og bevaringssynspunkt var det å vera på lægd ikkje noko ideell løysing. Dessutan var dette skjulte tilværet problematisk sett i høve til publikum. For å bøta på dette la museet vinn på dei fyrste åra å koma ut til folket med gjenstandane sine, på bygdedagar og liknande. På den måten fekk det både vist at det var til, at det hadde spennande ting i tølene og at det trond i utstillingsarena.³⁴



Samlingane i museet har vore på lægd gjennom mange år. I 1987 stilte styret opp saman med dei tre tilsette på ein stor flyttedugnad. Fleire uthusbygningar på Hognestad i Time blei fylt med traktorar, plogar, trøskjeverk og mykje meir. Her sit f.v Nils Njå, Målfrid Grimstvedt, Severin Bollestad og Andreas Eig Svendsen. Foto: Målfrid Snørteland, Jærmuseet.

Sverre Skjæveland blei viktig for JM dei fyrste åra. Hovudoppgåva hans blei å få nokre av dei gamle traktorane i museumsamlinga til å skina. Mange av dinosaurane frå den fyrste traktorperioden var tunge, klumpne, støre og rusta i alle ledd. Ofte måtte dei demonterast til skinnnet før dei kunne skruvast i hop att, få svev på motoren og røra på seg – ofte som giktbrotna oldingar. For JM blei veterantraktorane ein viktig del av identiteten. At styraren i kvar årbok fann plass til eit traktorportrett, understrekar også dette.³⁵

JM hadde den fyrste tida ein liten administrasjon og ein noko større arbeidsorganisasjon. Som styrar fekk Snørteland ikkje tid til så mykje anna enn å adminis-



Målfrid Grimstvedt blei fort kjent rundt i dei ulike jærkommunane gjennom å delta på ulike lokale arrangement. I 1988 var Jærmuseet med på aktivitetsdagen «Sundagstur til fortida» på Vistnestunet i Randaberg. Foto: Jærmuseet.

trera, dvs. skriva søknader, sjå til økonomien, halda styret i arbeid, rapportera, hanka inn offentlege sys-selsetjingspengar og mellombels arbeidskraft. Sjølv om dette var aldri så nødvendig, trong JM likevel å få tilført meir museumsfagleg kompetanse. For styret var det ikkje enkelt å skaffa finansiering til endå ein konservator. Men denne floken blei løyst ved at stiftarkommunane kjøpte tenester av JM til bygdemusea sine. Slik voks det tidleg fram ein intermuseal økonomi i JM-systemet. Dette bana i neste omgang veg for ein annan nøkkelperson.³⁶

Målfrid Grimstvedt voks opp på Byhaugen i Stavanger. Foreldra var norskdomsfolk, og mora sydde mellom anna rogalandsbunader. Folkedans, nynorsk-kultur og bunader fekk ho inn med morsmjølka. Alt i

fem-seks årsalderen vanka dottera i Bondeungdomslaget. Målfrid gjekk reallinja på Kongsgård og naut historietimane. Rektor Kjølv Egeland rådde henne til å gå vidare i det sporet. Det blei studiar i humanistiske fag ved Universitetet i Oslo. Magistergraden hennar i etnologi handla om bunader og folkedrakter. I studietida blei ho også pensa inn på arbeid med gamle foto, både ved Byarkivet og Statsarkivet i Stavanger. Ho blei seinare biletredaktør i fleire historieverk.³⁷ I samband med eit vikariat på Rogaland Folkemuseum i 1980, registrerte og samla ho inn gamle jordbruksreiskapar. Dette var elles ei tid med utfordrande strukturdebattar og omkalfatring av museumssstelllet i fylket. Ikkje alt av dette var like oppbyggeleg. Då konservatorstillinga på JM blei lyst ut, sökte ho ikkje. Men styraren fekk henne på andre tankar.³⁸

Blei Målfrid S. administratoren, visjonsbyggaren og museumsandletet utetter, blei Målfrid G. den som initierte og utførte mykje av det praktisk-faglege museumsarbeidet. Ho blei tidleg ein sentral idémakar, utstillingsbyggar, granskar og skrivar, og var over alt. Med forstand på det tekniske blei ho også ein krumtapp i alt som hadde med lyd, bilete, film og data å gjera. Med sin breie kompetanse blei ho mykje sentral i dei krevjande oppstartingsåra. Dermed er det også meir enn ymta om at Målfrid S. og Målfrid G. hadde kvar sine sektorar og spesialitetar. På den andre sida utfylte dei kvarandre på ein måte som gjorde at retninga framover blei byggande.

«LÆRA VED Å GJERA»

I utgangspunktet tenkte styret museumstomt og ikkje så mykje meir på Kvia. Men denne tradisjonelle tilnærminga var den ferske styraren meir enn skeptisk til. Ein måtte ikkje berre tenka bygg isolert i høve til livet rundt. Skulle museumsgard høva nokon stad, måtte det vel vera på Jæren? Styret blei fort overtydd, og det same galtdt Hå kommune.³⁹ Hå kommune forplikta seg til å løysa inn grunn og kosta byggeklar tomt til museet. Kvia-garden med tilliggande herlegdomar var det andre som åtte. Difor måtte Hå kommune koma til ei eller ordning med grunneigarane om så vel eigar- som bruksrettar. Men å få tun, dyrka mark og kulturbete på knapt 55 mål over på JM sine hender, blei ei nøtt. Til sjuande og sist måtte staten ekspropriera, og ikkje før i 1991 var alle formalitetane på plass. Same året blei også Audamotlandstunet ein del av museumsporteføljen. At overdragingane trekte i langdrag, seinka framdrifta. Men smått om senn fall ting på plass. I åra 1989–1991 blei eit omfattande restaureringsarbeid utført på våningshus, løe og uthus. Målet var å gjenskapa bygningane slik dei var på byrjinga av 1950-talet.⁴⁰

JM var kjent med planar om ein 4H-gard i Rogaland. For museet var 4H ein spennande organisasjonen, som til liks med ein sjølv, stod nær jordbruket. At styraren hadde vore medlem i unge år, var heller ikkje uviktig. Hausten 1987 blei det sett ned ei arbeidsgruppe med folk både frå JM og Rogaland 4H for å vurdera eit eventuelt samarbeid.⁴¹ Norske 4H såg på initiativet med velvilje og støtta til og med framstøyten med 25 000 kroner. Akkurat kva som kom ut av denne kontakten, er



Lokale 4H-leiarar har i alle år vore sentrale medspelarar når museet har invitert til aktivitetsdagar på Kvia. I 1991 var det frå v. Bjørg Sandve Tjøtta, Odvar Opstad, Olav Mæland saman med Ole Håland, sysselsett i Jærmuseet og Søren Ødemotland. Foto: Jærmuseet.

ikkje godt å seia. Om ikkje nokon samarbeidsavtale blei underskriven, tyder alt på at partane fann tonen. Stilla, som fyrst blei broten sommaren 1991, kan ha hatt praktiske og ikkje prinsipielle grunnar. Det er likt til at opptrappinga då hadde samanheng med ambisjonen om å få aktivisert fleire av dei vaksne 4H-medlemmene. Eit tilbod til psykisk funksjonshemma var også med i planane. Alt i alt dreia det seg om «ei storsatsing» med støtte både frå fylke og kommunar. For å få realisert «Prosjekt 4H-gard» var Kvia nærest som skreddarsydd til føremålet. 4H såg for seg eit aktivitets- og kursenter, og stemninga var høg og vonefull. Ut frå sine føresetnader kunne organisasjonen gjera JM «til eit levande museum» (uth., lgj).⁴²

4H-rørsla grodde fram i Amerika på byrjinga av



Slåttedag med høy i hesjer var populært både for ung og gammal. Styreleiar Nils Njå kan kunsten å binde opp hesje-tråden og har også kledd seg i tidsrett habitt.

Foto: Jærmuseet, 1993.

1900-talet. Utgangspunktet var å vekka interesse for jordbrukskunsten hjå born og unge, ikkje først og fremst ved hjelp av teori – men ved å arbeida med åker og eng, med små og store husdyr, – kort sagt praksis. Til Noreg

kom rørsla i 1920-åra, og mange lag/klubbar skaut opp dei neste åra. I 1936 blei Landslaget for Norske Jordbruksklubbar skipa, frå 1956 kjent som Norske 4H. «Å læra ved å gjera» var den store grunntanken. Medlemmene måtte få prøva seg, vinna erfaringar og på den måten oppdaga samanhengar. Denne læringsteorien var identisk med «learning by doing»-filosofien til John Dewey, den store amerikanske reformpedagogen.⁴³ Ved å alliera seg med 4H blei den agrare aktivitetspedagogikken så å seia implementert og institusjonalisert på museet.⁴⁴

GAMLE KYR, SAUER, HØNS OG MYKJE MEIR

Desse impulsane utanfrå samsvara langt på veg med tankane som hadde vunne fotfeste i styret.⁴⁵ Kunne ein makta å gjenskapa den gamle garden, ikkje berre med omsyn til den «harde» teknologien (traktorar, reiska-par m.m.), men også med våningshus, driftsbygning og uthus og med «ekte» og levande menneske og husdyr slik det var rundt 1950, måtte vel det slå an. Det levde framleis folk som hadde mykje av det gamle gardsarbeidet i seg, jamvel frå før krigen. Arbeidsdelinga mellom menn, kvinner og born og andre medlemmer av storhushaldet/storfamilien, kunne ein få demonstrert praktisk og realistisk. Tidlegare var gardane også i stor grad foredlingsverksemder. Her blei det kinna smør og laga ostar, her blei det slakta og allslags innmat nytta og her blei det baka. Og i den tidlegare gardsøkonomien blei det også spunne, vove og sydd klede og tøyvarer av ulikt slag. Husbunaden, skikkane, samværformene, drøset, atmosfæren og kulturen kunne også rekogniseres.

struerast langt på veg. I det heile hadde Kvia-garden potensiale i seg til å gje eit samla og integrert bilet av bondelivet i liv og vyrke, kvardag og fest, ikkje berre nokre tiår attover i tida.⁴⁶ Å driva gard på gamlemåten representerte noko nytt i norsk museumsstell.

I 1989 fekk JM ei lita besetning med vestlandsk raudkolle – inntil vidare med tilhald hjå Nils Njå. Gardsdrifta på Kvia tok så smått til i 1990, det første året med Tobias Skretting som gardsstyrar og røktar. Året etter fekk publikum koma til Kvia for første gong. Det blei då skipa til to opne aktivitetsdagar med JM og 4H-klubbane i Hå som arrangørar.⁴⁷ Frå 1992 kom garden i full drift året rundt, for skuld omframme sysselsetjingsmidlar. Som fylgje av eit tett samarbeid med Rogaland 4H og prosjektleieren Oddvar B. Høyland, kunne JM skipa til heile seks opne publikumsdagar det året. Dermed var også ein viktig museal rammefaktor på plass. Det at

ein la opp til heilårsdrift gjorde også at ein batt seg til rytmene i naturen. Dermed kunne aktivitetane og museumspedagogikken så å seia spela på lag med den. Som didaktisk grep kunne jæråret nærast konverterast til eit museumsår. Det ville ikkje berre skapa ein spennande variasjon for publikum, men kunne også appellera til skuleverket. Elevar, og for den del barnehagebarn, kunne koma å sjå på gardslivet. Her var klare sambandlinjer til fleire skulefag. I 1994 blei Oddvar B. Høyland engasjert som aktivitetsleiar med særleg ansvar for å «selja» dette tilbodet til skular og andre grupper.⁴⁸

Gardsdrifta var ikkje mogeleg utan ein museumsbonde. Lars Ødemotland blei involvert frå 1992, først på del- og seinare på fulltid. Forutan å vera ansvarleg for gardsdrifta, fungerte han som arbeidsleiar for dei mange personane på arbeidsmarknadstiltak. På det meste var oppimot 10 personar i sving med å setja Kviagarden



Lars Ødemotland blei engasjert som museumsbonde frå 1992, ei stilling som også omfatta formidling av landbrukskunnskap til både barn og vaksne. Foto: Jærmuseet.



Oddvar B. Høyland og Bjørg Sandve Tjøtta kom begge med bakgrunn som 4H-leiarar til museet tidleg på 1990-talet. Foto: Jærmuseet.

og Audamotland i stand. Nokre av dei dreiv også med restaureringsarbeid på Brøyt X-gravemaskinen. Dei stod også for den daglege drifta av Kviagarden og mjølka kyr, fôra kyr, gris, høner, gjæs og hest. Styresmaktene merka seg denne måten å bruka offentlege pengar på. Då dei omframme sysselsetjingsmidlane krympa midt i 1990-åra, gjekk Norsk Kulturråd inn med pengar og berge ordninga. Det dreia seg om 100 000 kroner i året i ramma av prosjektet «Barn, unge – museum».⁴⁹

Som fylgje av HVPU-reforma blei Nærlandsheimen lagt ned først på 1990-talet. Dermed fekk Hå kommune ansvar for mange av dei som hadde vore der. For kommunen var det ikkje enkelt å veta kva som då var best å gjera. I denne krevjande situasjonen slo tanken ned at Kvia 4H gard kunne tena som aktivitetsstad for psykisk utviklingshemma. Denne gruppa var jo alt inne i gardsfilosofien til 4H. Dette stod fram som eit vinn-vinn opplegg, både for sosialetaten, med helse- og sosialsjef Jan Gjøse i spissen, og for JM. Med det nye tilbodet fylgde også ei deltidstilling finansiert av kommunen. Bjørg Sandved Tjøtta blei hausten 1994 aktivitetsleiar for denne gruppa. På CV'en hennar stod lokal 4H-leiar, fartstid i skulefritidsordninga og i helsesektoren. Under hennar kyndige taktstokk blei det frametter faste aktivitetar for psykisk utviklingshemma på museet.⁵⁰

OVER ALT MED INNSAMLINGSKORGA

Å få Kvia-garden opp å gå var viktig. Men skulle det bli eit «skikkeleg» museum trongst meir. Det var ein del, ikkje minst av lokalbefolkinga, som ikkje heilt skjøna at dei «gamle» husdyra utan vidare var museumsverdi-

ge. Til det braut opplegget for mykje med tilvande førestillingar.⁵¹ Eit stort og representativt bygg hadde vore ein del av museumskonseptet frå fyrste stund. No galdt det for styret å koma opp med eit bygg som signaliserte forankring, identitet og nytenking på ein eller annan måte. Signala så langt hadde skapt forventningar om noko særslig. Samstundes var ein på det reine med at det ville ikkje bli gratis. Ein sum på kring 20 millionar kroner var ikkje akkurat småpengar, og ville kommunane vera med på det?⁵²

Styret gjekk inn for ei open arkitekttevling. Då kunne alle mælda seg som hadde noko å fara med. SR-bank bladde opp 100 000 og stiftarkommunane 80 000 kroner. Ein liten sum varta også oljå opp med.⁵³ Det var likevel for snautt til ein landsomfattande konkurranse. Dermed blei det ei lokal tevling for Stavanger Arkitektforening. Fleire miljø tok utfordringa og juryen fekk eit rimeleg bra utval. Å landa på det eine «rette» blei likevel ikkje så enkelt. Det oppstod spenningar både i styret og i juryen. Til slutt sat ein att med to konsept som begge hadde tiltalande sider. Men kunne ein få både i pose og sekk? Ved å be vinnarane om å arbeida konsepta sine saman til eit nytt, vona juryen nettopp på det. Denne framstøyten blei akseptert, og slik fekk bygget og anlegget den karakteristiske skanten sin. Slik museumsbygga var utforma og plasserte i lendet, var det som dei grodde opp av terrenget, med jærsteinar både i og rundt seg. Til dette kom jærljos og jærhimmel frå møneglas. Sett oven til var det som botnar på kvelva vikingskip, og nedantil som gamle jærhus i ny ham. Arkitektane hadde makta å materialisera noko av det jærske.⁵⁴



Juryen for arkitektkonkurransen på synfaring på Kvía i 1989. Frå v: Målfrid Snørteland, Målfrid Grimstvedt, Nils Njå, Oddveig Foldøy fra Arkeologisk museum var med som omvisar i Hanabergmarka. Per Line og Kjell Lund var arkitektane i juryen, Arne Lindeberg fra Rogaland Fylkeskommune var med som sekretær for juryen og Tobias Skretting. Foto: Jærmuseet.

I utgangspunktet såg styret for seg eit heilskapleg og integrert museumsanlegg med alle viktige funksjonar og lokalitetar på plass frå første dag. For eigarkommunane blei dette altfor store utteljingar, og styret blei nøydd til å tenkja nytt. Om det var aldri så surt, var det ikkje anna å gjera enn å dela opp prosjektet og strekka det ut i tid, i byggesteg ein og to.⁵⁵ Med dette grepet måtte styret avgjera kva som absolutt måtte med i det første byggetrinnet og kva som kunne skuvast på. Det blei tidleg klart at utstillingsarealet ville bli langt mindre enn føresett. For ein institusjon som hadde mykje av eksistensgrunnlaget knytt til framsyning av ting, var

dette ein farefull veg. Bunden av desse omsyna, måtte JM på den eine sida syta for at det første byggesteget blei maksimalt utnytta, og på den andre halda levande ideen om trinn to. Denne balansegangen blei krevjande.⁵⁶

Slik JM var organisert hadde dei sju stiftarkommunane ei nøkkelrolle. Sette dei seg på bakfötene, kunne det fort bli krise. Både i Gjesdal og til dels i Klepp var det klare utbrytartendensar. Sjølv om utteljingane førebels ikkje var store, kunne eigarskapet fort balla på seg.⁵⁷ Dessutan hadde kommunane sine eigne museum som ropa etter pengar. Måtte dei velja, tenkte fleire kommunepolitikarar at det primære kulturansvaret låg lokalt.



Jærindustrien, her representert med Sigrun Erland, (Serigstad AS), overrekker sjekk til styreformann Jone Vadla ved opninga av museumsbygget i 1995. Foto: Jærmuseet.

Denne spenninga kjende også dei kommunevalde i JM-styret på. Samstundes var slike soloraid ikkje så enkle. Den kollektive innretninga på eigarsida, ein for alle og alle for ein, batt og forplikta. Så sant dei fleste kommunane ville JM, kunne utbrytarane bli hengde ut som sabotørar av ein storslegen ide. Ingen gjekk frivillig i den gapestokken. Alle kommunane gjorde i 1991 vedtak om tilskot til bygget. At Fylkeskommunen – etter godt politisk handverk frå jærpolitikarane – fann tre millionar kroner i ein skrapa kasse, hadde også ein disiplinerande effekt. Støtta fylket aktivt opp om prosjektet, kunne vel staten også gjera det.⁵⁸

Skulle ein ha von om å koma i mål, måtte blikket også vendast mot privat sektor. I økonomikomiteen for nybygget sat Jone Vadla som leiar. Han hadde i fleire år vore sjef på Felleskjøpet, den store innkjøpsbutikken til bøndene. Dei agrare samvirkebedriftene, meieri,

slakteri og grønsaksverksemidene, var tunge økonomiske aktørar. Sidan JM til dei grader var skjefta på jordbruket, låg det nær å få dei med på spleiselaget. Vadla hadde godt ord på seg i bransjen, og eigna seg vel som «tiggar» og frontfigur. Vidare stod mykje av den mekaniske industrien i skuld til jordbruket. Reiskapsindustrien hadde nettopp sitt opphav i det ekspansive og «progressive» jærjordbruket. Samvirkebedriftene og store deler av næringslivet elles, ikkje minst bankane, let seg også bevega. Til dette kom ein gåvebrevaksjon mellom bondelaga og bondekvinnelaga. Det var ikkje den tingen som ikkje blei prøvt. I 1988 gjennomførte museet til og med eit lotteri.⁵⁹

OPPMUNTRANDE TILROP FRÅ MOR ÅSE

Sommaren 1994 var nybygget så pass ferdig at det kunne takast i bruk. Dermed var livet på lægd over. Den offisielle opninga skjedde først 29. mars 1995. Det betyr at personalet, faste som «lause», rakk å bli husvarme før den store dagen rann. Alle som på ein eller annan måten hadde teke eit tak var til stades. Stemninga var opprømt og skrøytet sat laust. Jone Vadla, no også styreleiar i JM, takka varmt for den storarta innsatsen som var lagt ned. Han var særskilt nøgd med resultatet.⁶⁰ I møte med pengeknipne gjevarar hadde Vadla ikkje utan vidare teke eit nei for eit nei. Når det lukkast å sikra finansieringa, var det ikkje minst trotten og pågangsmotet hans å takka. Det kom klart til uttrykk i talen til Målfrid Snørteland. Også Nils Njå blei særskilt nemnt. «Med usvikeleg tru på at steinen på Jæren kunne bli til kulturbygg med sjel og identitet, tok du på deg oppgåva



Statsråd Åse Kleveland fekk med seg ein vindmaskin som gavé under opninga av museet i 1995. Jone Vadla var ein stolt styreleiar og vert. Foto: Jærmuseet.



Arkitektgruppa for Jærmuseet var eit samarbeid mellom Einar Myklebust (t.v.) og arkitektfirmaet Helliesen, Waage og Hallgren. Tomas Helliesen og Lars Hallgren var med i arbeidet med museet. Dei fekk godord og blomar under opninga i 1995.
Foto: Jærmuseet.

med å overbevisa politikarar og folk på Jæren om at fortida og er ein nødvendig ressurs og kapital til framtida.» Tobias Skretting blei omtala som «ein av berebjelkane i dette museet». At Hå kommune til dei grader hadde spelt på lag, var ikkje minst hans forteneste. I ein tidleg fase hadde også Stein Sægrov ytt viktige tilskot. Ved å spela på steinmetaforen fekk styraren både sagt noko om bidraget til den enkelt, og om resultatet, (stein-)garden. Her låg mykje jærsk symbolikk bakt inn.⁶¹

Forutan framståande representantar for kommunane og fylkeskommunen, var også staten til stades med kulturstatsråden sin. I talen kom Åse Kleveland først inn på plasseringa, situeringa i lendet, og den fysisk-materielle utforminga av museet. Ho tala om «det ypperlige resultat». Det var «helt forbilledlig i en tid hvor vi forsøker å sette god byggeskikk og arkitektoniske kvaliteter høyt». Museumsfilosofien skrytte ho også opp i skyene. «Man må få lov til å delta, man må få lov til å være med og lære gjennom å delta.» Ho såg eit stort potensiale både i høve til skulane og til skulefritidsordninga. JM stod fram som «et mønster for svært mange museer over hele landet». Den regionale profilen omtala ho som «et gjennombrudd for fornuft». Det nasjonale samarbeidet mellom Norsk Landbruksmuseum og Egge Museum i Steinkjer for å dokumentera den nyare landbrukshistoria, innleia i 1994, blei også kommentert i rosande vendingar.⁶² Målfrid Snørteland sat med blanke augo og saug til seg kvart ordet. Talen til Mor Åse var ein einaste lang gjennomgang av alt det politisk korrekte som JM hadde gjort. Dei museumspolitiske signala varma, og skapte voner for framtida.

RESULTATFOKUS OG STRATEGIBYGGING

Etter 10 krevjande grunnleggings- og oppstartingsår kunne JM bu seg på nye tak. Sjølv om det første byggesteget var ferdig, mangla ein framleis plass til utstillingane. Utan det andre byggesteget var det i grunnen berre eit halvt museum. Nettopp det var alle involverte smerteleg klar over. Politikarane måtte haldast varme. For alt i verda måtte ikkje den trua festa seg at jobben no var gjort. Det galdt også i høve til publikum. I 1995 var JM eit ufullendt prosjekt. Det må likevel ikkje skugga for at ein hadde fått mykje til.

Når det gjeld landbrukshistoria, hadde museet mange veterantraktorar, reiskapar og annan teknologi i tølene sine. Glimt av desse samlingane hadde publikum fått. Så hadde Kvia-garden kome i full drift, med yrande liv seint og tidleg. Interessa for skulane/barnehagane i Hå, og enno vidare utover, hadde berre auka på. Dei opne aktivitetsdagane hadde også samla mykje folk. Merkevara JM var i ferd med å få eit meir konkret innhald. Bygdemusea, som JM skulle assistera, hadde også fått hjelp og assistanse. Når det gjeld dokumentasjon, filming, intervju m.m. av gamle handverk, arbeidsprosessar og verksemder, var det eitt og anna å melda om også på dette feltet. Frå 1989 hadde også *Sjå Jæren*, årboka, kome ut. I den fekk rimeleg nok både det gamle og nye jordbruksmykje merksemd.⁶³ Men også jærindustrien både i gamal og nyare ham, åtte rom.⁶⁴ Utover dette var JM også i gong med eit større dokumentasjonsarbeid om heieføringa av jærsmalen. «Med sauен til heis» tok føre seg bakgrunn, organisering og endringar over tid.⁶⁵ Sjølv om utstillingsarealet



Då DFU Ålgård la ned vevproduksjonen etter 123 års drift i 1993 blei Jærmuseet engasjert til å laga ein videodokumentasjon om verksemda. Her blir det gjort klart til å laga ei renning til eit markisestoff. Nokre år seinare utførte museet et tilsvarende prosjekt på Svanedal i Oltedal.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.



Jærmuseet var med i produksjonen av fleire store kulturhistoriske utstillingar på Hå Gamle prestegard på 1990-talet, som t.d. den store leikeutstillinga «Ta hys».

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

var tilknept, blei det skipa til utstillingar – som regel i samarbeid med lag og foreiningar. JM var også bidragsytar til dei kulturhistoriske utstillingane på Hå gamle prestegard i desse åra. Det var m.a. tilfellet med «Ta hys» i 1990.⁶⁶ Gjennom desse aktivitetane blei det knyta kontaktar, bygd relasjonar og skapt nettverk som løfta JM opp og fram.⁶⁷

Sjølv om det var mykje å glede seg over, skorta det ikkje på utfordringar. «Strategi- og handlingsplanen for Jærmuseet 1995–2000» bar også preg av det.⁶⁸ Den slo fast at JM ville bli «eit nasjonalt kunnskaps- og kompetansesenter for vern, vedlikehald og vidareføring av kunnskap knyta til eldre reiskaps- og maskinbruk i jordbruket». For å yta den nødvendige servicen til lokaalmusea og kommunane, måtte JM i endå større grad bli «eit breidt museumsfagleg senter». Så sant det kom midlar, ynskte JM også å ta på seg «det faglege driftsansvaret» for nokre av spesialmusea i regionen. JM ville altså veksa, ta større ansvar og rydda seg eit større rom både regionalt og nasjonalt. For å heva seg måtte også forskinga og «kunnskapsproduksjonen» få større plass. Det kunne gjerast på tre måtar. JM kunne publisera vitskapleg arbeid utført av andre.⁶⁹ I tillegg var det aktuelt å knyta til seg forskrarar og elles initiera større dokumentasjons- og forskingsprosjekt. Når økonomien ein gong tillet det, måtte museet også få på plass ei forskarstilling. Besøksstatistikken viste at born og unge, barnehagar, skular, SFO'ar, klubbar og lag gjorde mest av seg. I dei gruppene var det endå meir å gå på. For å betra tilbodet og kvaliteten på omvisinga/undervisinga, tok planen til ordet for å tilsetja ein museumspedagog.



Konservator Inger Smidt Olsen var med på fleire av dei mange studieturane museet gjennomførte for å tileigna seg kunnskap og inspirasjon i utviklinga av vitensenteret. Denne helikoptersykkelen på Tom Tits i Sverige resulterte i eit tilsvarande eksperiment på Flyhistorisk Museum Sola.

Foto: Jærmuseet.

Museet merka større velvilje og forståing, ikkje berre hjå politikarar, men også mellom folk flest. At JM hadde makta å få skular, barnehagar og fritidsklubbar i tale, var ein viktig grunn til det. Entusiastiske born og unge var i seg sjølv god reklame. Dei hadde heilt frå starten vore ei viktig målgruppe, og det var ingen grunn til å snu på flisa no. JM-pedagogikken, «Læra

ved å gjera», hausta i det heile mange lovord. At fylket i budsjettframlegget for 1996 ville finansiera to nye stillingar, var eit viktig handslag. Den eine stillinga var nettopp øyremerka det museumspedagogiske arbeidet. Dermed kunne «skolemuseet» styrkast endå meir. Den som kom til å personifisera denne satsinga var setesdølen Knut G. Austad. Ikkje berre hadde han historie hovudfag i fagsekken sin. Han var i tillegg agronom, jordskifteingeniør og høgskulekandidat innan natur- og miljøfag, og batt dermed i hop dei «to kulturane» i eigen person.⁷⁰ Austad blei tilsett som museumslektor, den fyrste reine undervisen i JM-systemet.⁷¹ Den andre stillinga som fylket finansierte skulle Flymuseet på Sola og andre spesialmuseum i regionen nyta godt av. Dette blei etnolog Inger Smidt Olsen sitt bord. Det siste var også eit uttrykk for at JM hadde fått ansvar for spesialmusea i regionen.⁷²

EIT NYTT TYNGDEPUNKT

Etter at museet blei lokalisert langt sør på Jæren var det ikkje berre enkelt å halda Sandnes i draget. Sandnes var ein by i rask vokster – noko i skuggen av Stavanger. Etter at mykje av den tradisjonelle industrien hadde fordufta, hadde sprekkdanningar både i økonomien og i identiteten kome for dagen. Det store slaget om Jonas Øglænd hadde nokre frekke Oslo-kapitalistar vunne. No sat byen og slikka såra sine. Ein tålte ikkje fleire audmjukingar.⁷³ Nærast av plikt var Sandnes framleis med i JM-prosjektet. Hadde ikkje Bergsaker vore så sterkt i trua, er det uvisst korleis det hadde gått. Han var ein Sandnes-variant av Arne Rettedal, Høgre-mann



Sandnes- og fylkespolitikar Roald Bergsaker er den politikaren som har hatt lengst fartstid i styret til Jærmuseet – frå 1988 til 2008. Bildet er frå 1993 då museet framleis heldt hus i det gamle rådhuset på Nærø. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.



Museumsplanen for Sandnes i 1993 skissererte m.a. kva eit museum i dagens museumskvartal kunne innehalda. Vitensenter var ikkje eit aktuelt omgrep på den tida, men eigenaktivitet og deltaking frå lokale krefter og næringsliv er ord som blei brukt.

av det pragmatiske, handlingsorienterte og «sosialdemokratiske» slaget med mykje jærblod i årane sine. Med sin regionale og interkommunale profil var JM ei satsing heilt etter hjarta hans. I denne noko uavklara situasjonen betydde det svært mykje at JM i 1996 gjorde eit prinsippvedtak om også å satsa i Sandnes. Sidan det blei kopla saman med det andre byggesteget på Kvía, kan ein gjerne tala om eit historisk dobbeltvedtak i JM-soga.⁷⁴

Tidleg på 1990-talet blei det laga museumsplan for byen, eit arbeid Målfrid Grimstvedt – og dermed JM – var tungt inne i. Den slo fast at industri, handel og kommunikasjonar burde få forrang. Sandnes hadde lange tradisjonar som industriby. Stor breidd, mange småverksemder og sterkt driv hadde prega utviklinga. Eit yrande handelsliv og mykje trafikk både på sjø og land hadde også vore typisk. Her var mykje som kunne visast fram. JM fekk også høve til å uttala seg om planen, og høyryngsfråsegna understreka spesielt at Sandnes ikkje var ei øy for seg, men ein integrert del av Jæren og jærøkonomien. For å få fram drivkrefter, samanhengar og «linjer» måtte det takast utgangspunktet i regionen, og ikkje i byen åleine. Planane for Sandnes måtte elles relaterast til det andre instansar bala med i distriktet. Såleis blei det meir enn ymta om at JM burde få ein fagleg-koordinerande rolle i museumsstellet i Sandnes.⁷⁵

Med museumsplanane i Sandnes i kim låg ei funksjonell arbeidsdeling i korta. Dekka anlegget på Kvía bondesamfunnet, kunne den nye Sandnes-avdelinga konsentrera seg om industrisamfunnet. Dermed ville JM få to faglege tyngdepunkt som på ei og same tid både

reindyrka og utfylte kvarandre. Det låg i 1996-vedtaket at den nye avdelinga i nord måtte venta til 2002. Fyrst i løypa låg magasin- og utstillingshallen på Kvía. Sjølv om kommunane tidlegare hadde gjeve lovnader, var det likevel noko å anna å binda seg til konkrete summar. Men i 1996 forplikta alle stiftarkommunane seg til å kosta ein tredjepart av nybygget. Med det fall grunnfinansieringa på plass, og JM kunne med større frimot be fylke, stat, næringsliv og ideelle organisasjonar om støtte. Det andre byggesteget hadde ei kostnadsramme på 15 millionar kroner. Det blei krevjande rundar, men finansieringa kom i hamn også denne gongen.⁷⁶

FÆRRE OG STØRRE MUSEUM

I desse åra var heile skuleverket i omforming. Gudmund Hernes hadde på slutten av 1980-åra kome med kritiske merknader til utdanningspolitikken.⁷⁷ Med røynsler frå amerikanske universitet meinte han at dei norske var altfor slappe. Og det stod ikkje betre til lengre nede i utdanningssystemet, i den vidaregåande skulen og i grunnskulen. Innhaldet i barnehagane var visst heller ikkje noko å skryta av. Det gamle og regulerte industrisamfunnet hadde hatt si tid. No var Noreg og andre vestlege land på veg inn i det globale kunnskapssamfunnet. Og då var det ikkje fyrst og fremst spørsmål kva ein hadde av jord og naturressursar, men om kvaliteten på det ein hadde mellom øyrane. Spranget frå «Jernsamfunnet» til «Hjernesamfunnet» ville stilla heilt andre krav til skule- og utdanningssektoren. Hernes sette i gong eit omfattande struktur- og reformarbeid som for grunnskulen sitt vedkomande munna ut i eit



Museumslektor Knut G Austad har bygd opp eit omfattande undervisningopplegg både på Kvía og i seinare år rundt på dei lokale avdelingane. Han legg vekt på å nytta uterommet like mykje som romma inne i museet som undervisningsarena. Foto: Jærmuseet.

nytt læreplanverk – kjent som L 97.⁷⁸ Musea blei tenkt med i L 97. I 1998 initierte styresmaktene «Prosjekt L-97 og musea». Rogaland var utsett som prøvefylke, og JM var eit av dei seks musea som fekk midlar og prosjektkoordinator, løna av Norsk Museumsutvikling. I denne koplinga låg ei klar melding til musea at dei pedagogiske opplegga, både med omsyn til innhald og metode, måtte koma meir på linje med det som gjekk føre seg i skulen. I røynda var dette eit arbeid som JM alt var godt i gong med.⁷⁹

I 1990-åra rykka altså musea fleire hakk nærrare skuleverket, i det minst i staten sitt hovud. Dei blei i stigande grad sett på som ein ressurs i det framveksande kunnskapssamfunnet. Til liks med skulane kunne også musea vera med å skapa «forståing for samanhengar i tilværet», for «innsyn og ansvarskjensle for økologisk samspel» og på sitt vis fremja «respekt og toleranse for kulturelt mangfold».⁸⁰ Men kunne musea ta på seg eit slikt ansvar? Var dei store nok, flinke nok og «avanserte» nok til å gjera det? Den småskorne norske museumsstrukturen utgjorde ikkje det beste utgangspunktet. Skulle sektoren auka kunnskaps- og nyttepotensialet, trongst både større og sterkare einingar. På bakgrunn av utdanningsreformene til Hernes er det ikkje overraskande at det kom framlegg nettopp om det. For å skunda på desse prosessane måtte sektoren tilførast ressursar. Styresmaktene la ikkje opp til tvangssamanslåing, men lokka med pengar. Norsk Museumsutvikling,⁸¹ som så langt hadde vore staten sitt verktøy, blei lagt ned til fordel for ABM-institusjonen. Det var eit nytt og sektorovergripande organ som skulle

leia og samordna aktivitetane innafor **Arkiva**, **Biblioteka** og **Musea** – slik at den samla samfunnsbaten blei størst mogleg. Med dei nye databaserte kunnskapsteknoloiane låg tilhøva også til rette for slike grep.⁸²

JM var i utgangspunktet definert som eit regionmuseum. Eit av føremåla var nettopp at JM skulle hjelpe bygdemusea rundt om i stiftarkommunane. Men ut over denne generelle forpliktinga hadde JM ikkje noko særleg ansvar for dei. Den nye samanslåings- og konsolideringspolitikken som staten lanserte sist i 1990-åra, utfordra den lause og foderative modellen. JM hadde ikkje noko imot ein integrasjonsmodell, dvs. at dei mindre og geografisk spreidde einingane blei samla til eitt museumsrike. Forhandlingar kom i gong og ganske snart blei det skrivne avtalar med dei første kommunane. I mai 2002 blei Sandnesmuseet, Jonas Øglænds Bedriftsmuseum og Krossens Havremølle museum til Sandnes Museum. Det nye museet blei samstundes ei avdeling i JM – med Gro Persson som leiar. Ho var entusiastisk, opprømt og svært oppsett på å få Sandnes på det regionale museumskartet. Same året blei også Hå bygdemuseum slege saman med JM. I perioden 2002–2009 tok JM over den daglege drifta av dei fleste bygdemusea i stiftarkommunane. På den måten blei JM omdanna til eit museumskonsern.⁸³

KONSTRUKTIVISTISK MUSEUMSPEDAGOGIKK

Det var ikkje berre den ytre museumsstrukturen som var i støypeskeia. Sjølve museumsideen stod også til debatt. Det hang igjen saman med ei grunnleggande nyorientering innafor heile det humanistiske fagfeltet,

ja langt inn i naturvitenskapane. Den tidlegare så faste overtida om at røyndomen var ein fast, sikker og objektiv storleik, hadde dominert. For forskarane handla det om å oppdaga korleis verda så å seia var skrudd saman. Gjekk ein systematisk fram, brukte aksepterte metodar, samla inn representativt materiale og trekte logiske slutningar, alt innafor ei stringent ramme, ville sanninga koma fram. I neste omgang kunne resultata presenterast i vitskaplege rapportar, artiklar og bøker, og vidare, «konverterast» til lærebøker og til museale utstillingar. Å læra handla om å tileigna seg den objektive og sanne røyndomen som ekspertane hadde funne. Dei skuleflinke var dei som hugsa best og som kunne skriva ned mest mogleg av det dei hadde hørt, sett og lese, på prøvar og eksamenar. Det er for så vidt logisk at med denne måten å tenka kunnskap og læring på, blei læreboka og den kunnige læraren (som visste «alt») ståande i sentrum.⁸⁴

Det som skjedde utover på 1980- og 1990-talet var at denne tilnærnings- og forståingsmåten kom under sterk press. Utan at ein kan gå i detalj kom filosofar, vitskapsteoretikarar og andre i tvil om det verkeleg føreheldt seg slik. Kom det ikkje an på perspektiv, på synsvinkel, på interesser, på språket, altså korleis den enkelte «observatør» var situert i tid om rom? Under slike omstende blei omgrep som objektiv røyndom, absolute sanningar ganske problematiske. Dette gjorde at mange gjekk til den motsette ende av skalaen. Det ein meiner å veta og kunna, vitskap i alle sine avskuggingar, er ikkje blott og bar røynd, men mykje heller sosiale konstruksjonar som tek farge av opphav-



Dyra på garden er viktige i undervisninga. Då er det også naudsynt med personale som kan handtera både formidling og dyr. I 1999 var Odd Kjetil Liland engasjert som sivilarbeidar ved museet og dreiv m.a. undervisning. I dag er han tilbake som museumsbonde og vaktmeister. Foto: Jærmuseet.

situasjonen. Frå ein vitskapsteoretisk synsstad innebar denne forskyvinga ei subjektivisering/«privatise ring» av røyndomen. Dette påverka i sin tur synet på kva kunnskap er, korleis læring skjer og kva status ulike posisjonar har/bør ha. I staden for oppdaging blei konstruksjon det store ordet. Då den enkelte så å seia bygger opp/konstruerer sin eigen røyndom, må ho og han også få høve til å læra på sin måte. I pedagogikken tok ein til å tala om ulike intelligensar, læringsstilar og læringsstrategiar. Hadde læraren, læreboka og mono-

logen tidlegare stått i fokus, kom eleven, arbeidsmåten og stoffet i langt større grad i framgrunnen. I tråd med denne tankegangen blei læraren først og fremst ein tilretteleggjar, ein som ordna læringsrommet slik at den enkelte kunne klatra i kunnskapstreet ut frå eigne føresetnader. Så kunne eleven skapa sine eigne forteljingar/konstruksjonar.⁸⁵

Denne vendinga slo også inn over museumsverda. Den internasjonale litteraturen talar om eit fokusskifte frå ting til erfaringar. Medan utstillinga («tinga») før



Ingen tvil om at elevane får andre erfaringar og opplevingar når dei ikkje bare får høyra og sjå sauene, men også får ha eit lam i armane. Foto: Jærmuseet.



I 1996 blei det gjennomført eit stort aktivitets- og utstillingsopplegg på Kvia for å markera Norges Bondekvinnelag sitt 50 års jubileum. Det blei m.a. feira både bryllaup og konfirmasjon ala 1946 i Kvia-huset. Her fortel Torunn Tunheim dei besökande om ungkona som ligg i barsel. Her blei mange frivillige frå ti ulike bondekvinnelag engasjert som formidlarar av lokalhistoria på ein engasjerande måte. Foto: Jærmuseet.

hadde «tala for seg sjølv», forstod ein musea no som erfaringsbyggjarar i langt større grad. Brukarane si verd, deira verdiar, behov og innstillingar, hadde kome i sentrum. Det var med andre ord opp til publikum å få noko ut av det dei såg, opplevde og erfarte. Sidan det ikkje berre er ei tolking og ei meining, men mange, må tilhøva leggast til rette for forsøk, eksperiment, for å vinna innsyn og læra på eiga hand, gjerne ved hjelp av digitale verktøy. Denne nye måten å tenka museum, formidling og læring på er så radikal i høve til den tidlegare museumspedagogikken at somme forskrarar talar om ei ettermuseisk tid («post-museum»).⁸⁶

I ei offentleg utgreiing frå 1996 er det ikkje vanskelig å finna spor av denne nyorienteringa. Dei norske musea skulle ikkje lenger primært vera institusjonar som hadde funne sanninga om fortida. Tida som monologinstitusjonar, om det nokon gong hadde funnest i reindyrka form, var forbi. No skulle dei i mykje større grad stå fram som dialoginstitusjonar. Det var altså samtalens, utveksling av synspunkt, det å stilla spørsmål og formulera moglege svar, for å koma vidare i erkjenning som blei det nye sentreringspunktet. Det handla om evna til «å skapa nyfikne og forståing, evna til å stimulera undringa, til å stilla spørsmål, til å overraska og utfordra enkeltmenneske emosjonelt og intellektuelt.»⁸⁷ Konservatoren/forteljaren skulle ikkje lenger vera eksperten der oppe, men ein som stig ned, som involverer seg, tek del i samtalens og som lyttar på likefot med andre for å bli klokare. Gjekk det som styresmaktene ville, skulle musea bli dynamiske, lyttande og endringsvillige institusjonar, som spela på lag med

samtida og tok del i bygginga av det norske kunnskaps-samfunnet.

Sidan starten hadde ikkje JM vore noko tradisjonelt museum. Dei daude gjenstandane hadde stort sett vore stuva vekk og i liten grad vore tilgjengelege for folk flest. Dreieskiva i det unge museet hadde så langt vore den levande og «autentiske» Kvia-garden, og alle aktivitetane som meir og mindre naturleg kunne knytast opp mot den. 4H-opplegget og «læra ved å gjera»-pedagogikken var i filosofi og innretning på mange måtar ei nyvinning i den norske museumskonteksten, og på-fallande moderne. Held ein den saman med dei nye ovingane på feltet, var kontaktflatene både store og vide. Samanfallet i tid gjer det vanskeleg å seia at JM berre blei påverka av det nye, som ein prosess utanfrå og inn. Det gjev like god mening å hevda at JM-pedagogikken voks fram innanfrå – ut frå dei gjevne føresetnadene, rammene og mogleheitene som det jærskje muse-umskonseptet opna for.

SCIENCE CENTER I JÆRVINDEN

Skulle Noreg bli ein kunnskapsnasjon, var det viktig at naturfaga hadde drag på ungdomen. Det var eit vilkår for innovasjonar, teknologi- og produktutvikling som i sin tur ville generera ny aktivitet, nye bedrifter og nye arbeidsplassar – kort sagt det landet skulle leva av i framtida. Det leie var at naturfaga/realfaga berre i liten grad hadde appell. Etter vidaregåande skule sökte ungdomane seg først og fremst til «mjukare» og meir «kreative» fagområde. For utdanningsstyresmaktene blei det ei stor utfordring å få til ein snunad. Skulle det

lukkast, måtte «teknologien» og naturfaga betra om-dømet sitt. Det måtte på ein eller annan måten bli kjekt og kult å bala med slikt. I korte trekk var det bakgrunnen for at styresmaktene fatta interesse for såkalla vitensenter, dvs. populærvitskaplege arenaer med naturvitenskapleg tilsnitt med det sjølvgåande, undrande og utforskande subjektet i sentrum.⁸⁸ No var vitensenter ikkje akkurat noko ny oppfinning. Dei første kom i London (1931), Paris (1937), München (1925) og Chicago (1933).⁸⁹ Den tette koplinga som vitensentra hadde til industri, næringsliv og stat førde nok til glorifisering av teknologiske og vitskaplege bragder på kostnad av meir kritiske perspektiv. Samstundes hadde ambisjonen om den populariserte og lett tilgjengelege vitskapen eit so-sialt sikte – som arena også for skuletaparane. I denne målsetjinga låg både ein frigjerande og løftande funksjon.⁹⁰

Opninga av nybygget i 1995 gav JM naturleg nok eit løft. Ein var budd på at interessa neppe ville vara, men fallet i besøkstala vekte likevel otte.⁹¹ For å trygga framtida måtte museet finna ein tilleggsaktivitet med publikumstekke. Men kva skulle det vera? Mykje av det JM hadde satsa på, var det eigentleg ikkje så mykje fres over. I sitt stille sinn måtte styraren vedgå det, og ho jakta i røynda på eit nytt utstillingsspråk.⁹² At den etter lengta utstillingshallen var på beddinga, inviterte også til nytenking – på sitt vis. Ei offentleg museumsutgreiing hadde løfta fram natur, miljø, økologi og kultur som noko å spinna på.⁹³ Å visa korleis desse elementa hang saman i eit organisk samspel, utmynta i såkalla naturinformasjonssentra, verka tiltalande.⁹⁴ Med det



Merete Frøyland i ABM utvikling var ein viktig inspirator og ressursperson i oppbygginga av vitensenterkompetansen på Jærmuseet. Her besøker ho museet i 1999 saman med m.a. Stig Sægrov frå Vitensenteret Innlandet som får prøva seg på steinkiling, i samband med møte i Vitensenternettverket. Inger Smidt Olsen i bakgrunnen. Foto: Jærmuseet.

særmerkte natur- og friluftsområdet like utanfor dørene på Kvia skulle tilhøva ligga vel til rette. Planar blei laga for eit senter som tematiserte «Natur- og kulturinformasjon i eit jordbrukslandskap».⁹⁵ Søknad gjekk til Miljødepartementet om midlar, men utan vinst. Innsatsen var likevel ikkje til fånyttes. I samband med førebu-

ingsarbeidet hadde JM blitt endå sikrare på at naturen og kulturen måtte sjåast saman – i eit dynamisk veksel-spel. Den tverrfaglege museumspedagogen på huset, Knut G. Austad, minna støtt om det.

Ein ny realfagsdidaktikk var noko som opptok skulestyresmaktene sentralt. Ikkje minst galdt dette Merete Frøyland i Norsk Museumsutvikling. Med eit oppfylgingsansvar for L 97 var ho mykje engasjert i desse problemstillingane. Gjennom L 97-prosjektet kom JM i kontakt med henne. Det var også ho som gjorde JM merksam på at det eksisterte eit nettverk for vitensentra.⁹⁶ Hausten 1998 var kulturminister Anne Enger Lahnstein ein snartur innom JM, og tanken om eit vitensenter blei lufta med henne. Ho gav etter alt døma positive signal.⁹⁷ Like etter gjekk brev til Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen på Stortinget. «Me tillet oss med dette å informera...» heiter det småålåte og varsamt i innleiinga. Styraren og styreleiaren kom likevel raskt til poenget. Vestpå, i Rogaland, på Jæren, skjedde viktige ting på museumsfronten. JM tumla nemleg med planar om «eit utvida Science Center». Samlingane, aktivitetane og plasseringa til museet hadde i sum potensiale i seg til å bli «ein unik møtestad» mellom «teknologi, natur og kultur, fortid og nåtid, landskap og arkitektur». Dei etter kvart store samlingane av traktorar, utstyr og andre hjelperåder, gav høve til å visa den agrare teknologihistoria på ein truverdig måte. Ved å spela på Kvia-garden, «eit heilårs gardsbruk», den vidsveimde og rike Hanabergmarka, og «læra ved å gjera»-grepet, kunne natur- og kulturhistoria haldast saman i eit integrert perspektiv og



Frå 2003 har Science Circus, eit «Vitensenter på hjul», vore ein del av tilbodet til Jærmuseet. Science Circus har sidan den tid besøkt skular i dei fleste kommunane i Rogaland og Agderfylka, jamvel tatt nokre svipturar til Vestfold og andre stader austpå, og ikkje minst deltatt i ulike publikumsarrangement i regionen som Bjerkreimsmarken, Vannfesivalen på Ålgård, Jærdagen, forskardagar på Elkem i Kristiansand, Forskingsdagane i Haugesund, og mykje meir. Elevar og publikum får testa ut ei rekke ulike eksperiment innanfor matematikk, fysikk, mekanikk og astronomi, og får oppleva ulike realfagsshow med røyk, lukt, smell – og overraskinger. Spennande eksperiment kombinert med gode pedagogar gir god læring, og har gjort SC til eit populært og ettertraktat tilbod. Øvst er leiar av Science Circus, Ivar Reed Nakken, i gong med show på Flyhistorisk Museum Sola. I midten øvst er museumslektor Hanne Madsen i sving. Til høgre speglar lærar Unn Iren Nygård seg i linsene på Tungenes Fyr. Desse tre pedagogane har drive /driv oppsøkande verksemد i Agderfylka og Rogaland. Alle foto: Jærmuseet.

førast heilt opp til notida. Samstundes hadde voksteren og framsteget også sett spor i kulturlandskap og miljø, og ikkje alt var like berekraftig. «Med utgangspunkt i ein region der sentrale natur- og kulturverdiar er under sterkt press, vil Jærmuseet formidla kunnskap om og forståing for samanhengane mellom natur, kultur, teknologi, landskap og miljø.» Det kunne gje «nye perspektiv på omgrepene *science center*, og prosjektet på Jærmuseet kan bidra til å vidareutvikla og prøva ut eit slikt konsept i Norge».⁹⁸ Å tenka museum og vitensenter under eitt og same tak hadde knapt nokon gjort før i Noreg, bortsett frå at Teknoteket hadde fått husrom i kjellaren på Norsk Teknisk Museum. Derimot hadde ingen kopla museum og vitensenter i ei og same utstilling, og fortalt historier gjennom naturvitenskaplege eksperiment. Styresmaktene kunne tenna på ideen, eller skuva han frå seg.^{⁹⁹}

Korleis reagerte komiteen på den smålåtne, men like fullt visjonære framstøyten? Alt tyder på at den blei møtt med velvilje. Han var jo til dei grader i pakt med grunnleggande sider av kultur- og utdanningspolitikken. Og det er all grunn til å tru at JM fekk positive signal under bordet. Knapt eit år seinare gjekk eit nytt brev austover, denne gongen til Kultur- og kunnskapsdepartementet. Det skjedde berre veker før ei stortingsmelding om musea ville ligga føre. Mykje av innhaldet var likt, men spissa og samstidsorienteringa tydlegare. JM understreka på nytt at utstillingane framover ville krinsa om «den teknologiske utviklinga sin innverknad på kulturlandskapet, naturmiljøet, landbruket og matproduksjonen». Samstundes var det viktig at ein ikkje

blei hengande igjen i fortida. For å opplevast relevant måtte tema og innfallsvinklar knytast opp til «sentrale utfordringar for regionen» i dag. JM gjorde det også klart at ein arbeidde innafor eit vitensenterkonsept. Nettopp denne samankopplinga bana veg for at dette kunne «bli eit pilotprosjekt for ein ny museumspedagogikk», korkje meir eller mindre. I brevet blei det også presisert at L 97, Det nye læreplanverket for grunnskulen, var eit viktig rammedokument. Viljen til å spela på lag med skuleverket var både klar og uttala. Med dei ressursane museet rådde over, kunne eksperimentstasjonar og interaktive utstillingar lagast både ute og inne.^{¹⁰⁰} Vinteren 1999 blei JM invitert med i Nettverk av Vitensentra, og viktige problemstillingar blei tekne opp på nettverksamlingane.^{¹⁰¹} Det var Merete Frøyland som sytte for det. Ho hadde tru på og var oppglødd for det jærske vitensenterkonseptet.

JM hadde merka seg at musea var tiltenkt ein meir framskoten plass i kunnskapsnasjonen Noreg. I stortingsmeldinga *Forsking ved et veiskille* (1999) var det tale om «den norske kunnskapsallmenningen» og «det norske kunnskapssystemet». Her blei musea nemnde i same andedraget som universiteta, høgskulane og den mangslungne instituttsektoren. Meldinga framheva også kor viktig samspelet mellom desse institusjonane var.^{¹⁰²} I denne tenkinga låg også føringar om tettare og meir forpliktande samarbeid med skuleverket. JM visste dessutan at styresmaktene hadde oppdaga vitensenterfilosofien og gjerne ville stimulera nye tiltak av det slaget. Under slike omstende var det ingen grunn til å ligga lågt i terrenget.



«Det var verkeleg inspirerande å vera på Jærmuseet. De gir ungane noko å ta med seg ut i livet. Dokke har utan tvil vore ein inspirasjon for museumsmeldinga», sa ein oppglødd leiar for kulturkomiteen i Stortinget, Aagot Valle då komiteen var på besøk i mars 2000 og blei orientert om planane for eit vitensenter. Foto: Anne Brit Hatlem, Jærbladet.



Den 17. desember 1999 står fram som ein av store merkedagane i historia til JM. *Stortingsmelding 22 (1999–2000), Kjelder til kunnskap og oppleving*, som regjeringa la fram denne dagen, hadde verkeleg karakter av julegåve. I investeringsbudsjettet for perioden 2000–2003 hadde Kulturdepartementet sett av heile 11 millionar kroner til museet.¹⁰³ Ein kunne bli svimeslegen av mindre! Med denne prioriteringa hadde styresmakten godkjent planane og i prinsippet gjeve prosjektet økonomiske bein å gå på. Sjansen for at framlegget skulle bli nedstemt i Stortinget var liten, og det skjedde heller ikkje. Dette gjennombrotet blei startskotet på ein vokster- og omformingsperiode som enno ikkje er over. Straks dette blei kjent, sette styraren seg ned og skreiv eit omfattande strateginotat til styret. No galdt det om å ha tunga beint i munnen.¹⁰⁴

Vinteren 1999 sveipa Science Circus innom Hå kommune. Det var eit mobilt «realfagsklasserom», utgått frå Teknoteket i Oslo, som formidla naturvitenskapleg kunnskap på nye og morosame måtar for elevar og andre interesserte kringom i landet. Både Snørteland og andre ved JM var på ein time og blei imponerte av førestellinga. Spørsmålet om ikkje heile eller delar av denne metodikken kunne brukast i den nye utstillingsshallen, fekk mykje næring. I møte med skuleverket hadde JM også registrert at lærarane sleit med naturfagundervisinga. Dei fekk det liksom ikkje retteleg til. For at staben skulle læra denne omgangsskulen i teknologiham endå betre å kjenna, blei Ivar S. Nakken, sjef og lærar på Science Circus, invitert til JM.¹⁰⁵

Med omsyn til offentlege midlar hadde JM tidlegare

klaga på urettvise tildelingar. Dei andre regionmusea i fylket hadde kome betre ut enn JM.¹⁰⁶ No var det gløymt. Med vitensenter-prosessen fylgte økonomi frå staten, nye stillingar, kompetanse og faglege utfordringer. JM hadde sitt livs sjanse og greip han med hud og hår. Dette var også interessant for kulturpolitikarane. Våren 2000 var kulturkomiteen på Stortinget på vitjing med fylkesordførar Roald Bergsaker som ein del av vertskapet. Komiteen, som den jærske Senterparti-politikaren Unn Arrestad leia, fekk omvising og grundig

I 1994 gjennomførte museet sitt første prosjekt innan samtidsskildring, som del av prosjektet «Med sauene til heis». Mellom anna dreiv to sauebønder eigendokumentasjon, dvs dei fotograferte og skreiv dagbok om livet sitt med sauene dette året. Dette var muleg gjennom å samarbeida med Jæren Smalelag og dei lokale sau- og geitalslaga på Jæren. Her er det Gunnar Øglænd i Sandnes som er fotograf for Jærmuseet når sauene skal til heis.



orientering om planane.¹⁰⁷ Ho var jamvel saksordførar for museumsmeldinga. Det vil vera synd å seia at ho var lunken til planane! «Me ser på mange typar museum», let ho om, «men her på Jærmuseet gjer dei ting på ein måte som eg aldri har vore borti før». Konklusjonen var klar: «Eg vil fullt og heilt gå inn for eit vitensenter på Jærmuseet.»¹⁰⁸ Like før hadde JM skipa til eit seminar for å fortelja nøkkelpersonar i regionen om vitensenterplanane.¹⁰⁹ Hadde næringslivet tidlegare vore noko avventande, var det ingen grunn til å nøla lenger. Fekk ungdomen sans for realfag og naturvitenskap, ville både industrien og servicenæringerne nyta godt av det.

LOVANDE FORPROSJEKT

Å bli vitensenter i tillegg til museum var ikkje berre eit mentalt sprang. Dette sette også nye krav til kompetanse, materielle ressursar, organisasjonsstrukturar og leiingsformer. For å vinna erfaring og bli betre budd, blei eit forprosjekt sett i gong. Det hadde som overordna mål å «integrera og prøva ut vitensentertanken/eit vitensenterkonsept på eit regionmuseum med museumsavdelingar ulike stader i regionen». Forprosjektet skulle også sjå på organiseringa, vurdera aktuelle samarbeidsmodellar i høve til skuleverket og ikkje minst finna pensum som eigna seg på ulike klassesteg. Utstillingane måtte byggast opp slik at teori og praksis hang i hop, slik at elevane kunne sjå «samanhengane mellom meir abstrakte, fysiske prinsipp/lover og teknologien i kvardag og arbeidsliv». Sjølv om skulen og elevane var den viktigaste målgruppa, måtte også folk flest oppleva det interessant å gå på vitensenteret. For-



Det blei mange studieturar for dei tilsette i åra som fylgde. Her frå eit besøk på Nemo i Amsterdam i 2007. Frå v. Gro Persson, Sigbjørn Stangeland, Kjell Sele, Anne Jorunn Frøyen, Sven Gundersen, Anne Torunn Braut, Olav M. Bråtveit, Målfrid Grimstvedt, Ted Johnny Taraldsen, Jens Laland og Kjetil Dybvig. Fleire var engasjert i prosjektertinga både på Vitengarden og seinare på Vitenfabrikken. Foto: Endre Ueland, Jærmuseet.

prosjektet blei finansierte med støtte frå staten (Noregs Forskningsråd) og tre jærkommunar, og starta hausten 2000. To klassar i Hå, ein på barneskulen (Varhaug) og ein på ungdomsskulen (Nærbø), hadde museet tett og jamleg kontakt med. I juni 2001 blei strek sett for for-prosjektet.¹¹⁰

Sverige hadde vitensentra, og både i 1999 og 2000 var JM-folk på synfaring hjå broderfolket. Dei vitja

Teknikkens hus i Luleå og Tom Tits i Södertälje begge gongene. I 2001 vende JM blikket sørover. Experimentarium i København, Cite des science et de l'industrie i Paris og eit vitensenter i Barcelona stod då på besøkslista. Året etter kryssa ein delegasjon Nordsjøen med kurs Science Museum og The Natural History i London. «Å reisa for læra» («learning by moving») var utgangspunktet for desse turane. Korleis hadde kjende

vitensentra i Norden og Vest-Europa stelt seg? Ein ville læra meir om utstillingsfilosofi, utstillingsteknologi, utstillingsorganisasjon og utstillingskompetanse. Dei jærske museumsgründarane tenkte og handla på same måten som dei jærske industrigründarane tidlegare hadde gjort. Reiseruta til Ole G. Kverneland på slutten av 1800-talet var ikkje så ulik...¹¹¹ Vitensenterfararane fekk mange inntrykk og mykje å tenkja på. Den største oppdaginga var at vitensentra kunne knytast opp mot lokalmiljøet. Det var altså lov å spela på lag både med historia og det som rørde seg i næringslivet også i eine slik samanheng.¹¹²

I utgangspunktet hadde JM lite av naturvitenskapleg kompetanse innom hus. For å bøta på dette måtte JM knyta til seg fagfolk og fagmiljø. No var det både høgskular og andre vitskaplege institusjonar i regionar. I samband med forprosjektet laga Arne Sæbø ved Planteforsk på Særheim rapporten, «Myr; Historiebok, naturreservat, medium for vannrensing og matproduksjon». Sivilarkitekt Gro Persson, tilsett i Sandnes kommune, men på veg inn i JM, leverte ei ideskisse som viste korleis temaet «Teknologi og landskap» kunne bli til ei levande og interaktiv utstilling.¹¹³ Det blei også laga ein rapport om kva «Vitensenter på Jæren» ville innebera. Forutan anlegget på Kvial, ville både Flymuseet på Sola og Tungenes Fyrmuseum få framskotne plassar. Det same var tilfellet for den nye avdelinga på Sandnes.¹¹⁴

«Vitensenteret på Jæren» var i 2001 ingen fasttømra organisasjon, men vimpel for museum i regionen som førebudde interaktive utstillingar, eller i det minste, ut-

stillingar som hadde interaktive element i seg. Sjølv om litt batt saman i utgangspunktet, hadde mykje skjedd i løpet av forprosjektperioden. Mellom anna hadde det blitt utvikla eit felles idégrunnlag med omsyn til formidlingsmetodar, museet si samfunnsrolle, samarbeid med skuleverket, om kor viktig teknologi og naturvitenskap eigentleg var og nytten av tverrfaglege perspektiv. Dessutan hadde ein lært at å utvikla, bygga opp og drive interaktive utstillingar krov folk med rett kompetanse. Både eit teknisk og eit pedagogisk fagteam ville trenast. Det tyktest også klart at dei ulike undervisingsopplegga måtte skjerast til nokolunde likt. Forprosjektet hadde også overtydd JM om at vitensenterbygging og museumskonsolideringa kunne skje samstundes.¹¹⁵

Ved å ta dei store og visjonære tankane ned på bakken fekk det å bygga eit vitensenter eit meir realistisk skjer over seg. På den eine sida blei utfordringane, vanskane, flaskehalsane og anna synleggjort. Men forprosjektet avdekkja også potensialet og moglegheitene. I grunnen hadde det forsterka trua på at dette skulle JM få til. Etter museet si mening var museumsbransjen prega av konservativisme og tradisjonelle haldningar på utstillingsfeltet. «Sjå, men ikkje rør» var den dominerande parolen. At det var slik, var først og fremst designarane sin feil. Dei tenkte synsintrykk og lite anna. Også ein del konservatorar var opphengd i gamle oppskrifter. Som fylgje av det hadde rommet for «aktiv deltaking» og «fysisk berøring» blitt lite. Inga naturlov sa at det plent måtte vera slik. «Forprosjektet vårt viser at det er fullt mogleg å snu desse tradisjonane ved at musea omdefinerer målsetjingane og ar-

beidsområda sine», slo JM fast. La musea større vekt på teknologiske og naturvitenskaplege innfallsvinklar, interaktive utstillingar og ny pedagogikk, ville mykje bli annleis. Samanlikna med reine vitensentra kunne JM og andre museum fella kunnskapen inn i ei historisk og samfunnsmessig ramme. Nettopp som «tverrfaglege formidlings- og undervisningsarenaer» kunne dei binda saman «natur» og «kultur» på ein måte som dei tradisjonelle vitensentra ikkje makta.¹¹⁶

FRÅ TEMPELHALL TIL VERKSTADHALL

Utbygginga av trinn to på Kvía gjekk omrent parallelt med vitensenterførebuinga. I desember 1999 starta grunnarbeidet og ved utgangen av 2001 var nybygget så godt som ferdig. Den offisielle opninga fann stad eit halvår seinare, nærmare bestemt 11. juni i 2002. Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland skilte seg ut som den mest prominente gjesten. Med skikkeleg utstillingsplass, rommelege lager og magasin i kjellaren stod JM etter dette fram som eit «heilt» og komplett museum. Det hadde no eit bruttoareal på omlag 3800 m². Dei samla kostnadene for det fyrste og det andre byggesteget vippa 35 millionar kroner, men ikkje meir heller. I departementet var ein helst overraska at pengane rakk så langt.¹¹⁷

Den største interessa knyta seg til dei nye vitensenterutstillingane. Det blei sett ned ei eiga prosjektgruppe for å samordna og koordinera dei ulike aktivitetane. Den bestod i hovudsak av museet sine eigne folk.¹¹⁸ Fylgjande parameter blei lagt til grunn for arbeidet: Utstillingane skulle for det fyrste bygga vidare på «læra

ved å gjera»-pedagogikken. For det andre skulle dei ha ei framtoning som inviterte til aktivitet og eksperimentering. Eller som det blei sagt, «museet skulle vera ein verkstadhall og ikkje ein tempelhall over gamle klenodier». Dei skulle for det tredje ha hovudfokus på det moderne jærjordbruket, men ikkje i ein smal og ekskluderande forstand. Så vel den teknologiske som den sosiale og kulturelle utviklinga i regionen måtte klinga med. Den tverrfaglege profilen blei også sterkt understreka – «Naturvitenskap og teknologi er i stor grad nøklane og innfallsvinklane til moderne landbruk og matproduksjon».¹¹⁹

Noko av den viktigaste oppgåva til prosjektgruppa var å etablira kontakt og utvikla samarbeid med relevante fagmiljø. Det var mellom anna tale om Geologisk Institutt i Bergen, Norges Geologiske Undersøkelser i Trondheim, Høgskolen/Universitetet i Stavanger, Norsk kjemisk Selskap, Planteforsk på Sørheim, Norges veterinærhøgskole, Institutt for småforskning, Mattilsynet, avd. Rogaland, Arkeologisk Museum i Stavanger, Riksantikvaren m.fl. Her var behov for teori. Men skulle det bli utstillingar som fungerte etter føresetnadene, måtte også teknisk-praktisk fagkunne mobiliserast. Sjølv om JM hadde handverkarar i «stallen» sin, som den dugande mekanikaren Endre Ueland, måtte i tillegg firma som kunne teikna, bygga og prøvekjøra utstillingane inn. Med det for auga blei VekstTeknikk, Nærø, VekstMiljø, Sandnes, TriTec, Kverneland, Stålteknikk, Stavanger, Kulisseverkstaden på Den Nasjonale Scene, Bergen, Film og Foto Design, Stavanger, Geodatasenteret, Arendal, og andre firma hyra inn.¹²⁰

At JM hadde teke eit nytt sprang, provar også vedtektsendringane. Revisjonane i 1995 og 1996 hadde med samansetjinga av rådet (Jæren Museumsråd) og styret å gjera og rokka ikkje ved kurset. Men det gjorde vitensentersatsinga. Både arbeidsområdet og perspektivet hadde blitt «vesentleg utvida». Det blei nødvendig å få fram «den sterke teknologi- og naturfaglege orienteringa». I dei nye vedtektena, klubba i 2002, blei det sagt mykje tydelegare at JM var «ein vitskapleg institusjon». Med det fylgde ikkje berre ansvar for å dokumentera regionen si historie og utviklinga i jordbrukskulturen, men også «andre nasjonale dokumentasjonsoppgåver» der det fall «naturleg». Vidare blei formelen «ein møtestad mellom natur, kultur og teknologi» teke inn. Målet var at folk flest, og spesielt barn og unge, fekk grep om desse samanhengane på ein slik måte «at vi kan oppretthalda og vidareutvikla eit teknologibasert samfunn som samtidig tar vare på natur og miljø, kultur og historie» (uth. lgj). Det vitskaplege, teknologiske og samfunnsnyttige (med instrumentelle undertonar) stod no mykje sterke i medvitet til museet.¹²¹

Den første styreleiaaren i JM, Nils Njå, var bonde og kulturmenn, den andre, Jone Vadla, kom frå Felleskjøpet og samvirkesektoren, prega av stort nedslagsfelt og mange «grøne» kontaktar. Han visste kven som hadde pengar. Marta Ulvund blei styreleiar i 2001, på eit tidspunkt då JM hadde kryssa vitensenterbrua – på veg inn i vitenlandet.¹²² Ho var professor og spesialist på sauesjukdomar, og tilsett ved Norges veterinærhøgskole, Institutt for småbeforskning i Sandnes. Det var neppe tilfeldig at ho hamna i førarsetet no. Med sin



Endre Ueland og Anne Jorunn Frøyen saman med tekstil-designer Pia Bjørnstad som laga holkortmønster til eksperimentet Jaquards vevstol i 2007 på Vitenfabrikken. Anne Jorunn har vore ein svært viktig medarbeidar i oppbygginga av vitensenterutstillingane, først på Vitengarden og så på Vitenfabrikken. Endre har konstruert og bygd vevstolen. Han har også vore ei viktig brikke i arbeidet, som idemakar, konstruktør og produsent på mange av dei store eksperimenta på Vitengarden og Vitenfabrikken. Mykje har han også oppnådd gjennom samarbeid med lokal industri på Jæren. Foto: Jærmuseet.



Dei tre første styreleiarane i Jærmuseet samla ved opninga i 2002. F.v Nils Njå, Martha J. Ulvund og Jone Vadla.

Foto: Olga Vadla, Jærmuseet.

kunnskapsbase og akademiske kapital kunne ho spela på det faglege nettverket sitt og i det heile gje gode råd om korleis det var lurt å te seg i den nye kunnskapsøkonomien. For JM var det heller ingen ulempe at Ulvund sat i bystyret i Sandnes.

OVER HALVE SØR-NOREG

Løyvingane over statsbudsjettet var investeringsmidlar, altså pengar til å utvikla det jærske vitensenterkonseptet. Men drifta krov også økonomiske ressursar, og ein kvan staden måtte også dei hentast frå. Å ta dei frå den vanlege verksemnda ville bli vanskeleg. I røynda var det to måtar å løysa denne floken på. Anten måtte ein bæsera seg på sponsormidlar, eller så måtte staten skyta inn pengar. Lukkast JM med det siste, ville det skapa

trygge rammer og ei sikker framtid. Difor blei augo vende mot Oslo enno ein gong, til den store staten.... .

Våren 2002 blei det skipa til ein regional konferanse om vitensentra på Gjøvik med utdanningsminister Kristin Clemet til stades. Ho var veldig positiv til vitensentra, men kunne ikkje lova midlar. I handlingsplanane for realfaga, som regjeringa la fram seinare på året, blei regionale vitensentra nettopp nemnde som eit av fleire tiltak for å styrka interessa. Det var i det minste eit spennande signal. Dersom regjeringa såg for seg å dela landet inn i såkalla vitensenterregionar, kunne det fort bli meir permanente institusjonar. I så fall var det ikkje urimeleg at staten og det offentlege tok eit særskilt ansvar for drifta.¹²³

Saka var i rørsle. I mars 2003 gav Utdannings- og forskingsdepartementet Noregs Forskningsråd i oppgåve å meisla ut «en strategi for utvikling av regionale vitensentre og følge opp strategien». Det låg også i mandatet at Forskningsrådet skulle spesifisera krav til økonomisk støtte som nettopp skulle «bidra til langsigthet i drift av vitensentrene». Rådet sette ned eit utval. Det arbeidde raskt og leverte rapporten sin i mai. Den konkluderte svært positivt. Behovet for å styrka realfaga i skulen og samfunnet var heva over tvil. Det var like opplagt at vitensentra hadde blitt «en viktig støttespiller» for skuleverket på alle nivå. Vitensentra stod for noko nytt og spennande og hadde, samanlikna med dei tradisjonelle musea, eit større kunnskaps- og danningspotensiale. Dei interaktive formidlingsformene hadde appell til born og unge, ja folk i alle aldrar. Utan etterhald gjekk Forskningsrådet inn for regionale vitensentra, både med

tanke på «skoleverket og allmennheten». Ved å spela på lag med andre institusjonar kunne kvar region få «et helhetlig nasjonalt tilbud».¹²⁴

JM var på banen. Seint i november i 2002 blei det skipa til ein «Konferanse om Regionalt vitensenter for teknologi og industri» på Sandnes med «Sentrale aktører» i regionen til stades. I føredraga blei vitensenteret sett inn i ein overordna utviklingsstrategi for regionen.¹²⁵ Sist i juni 2003 søkte JM om midlar til regionalt vitensenter. Saman med dei 26 vedlegga blei dette ei stor lefse. Det handla om å visa seg fram. At det kombinerte museet/vitensenteret alt breidde seg utover, innebar at mykje av den materielle, organisatoriske, sosiale og kulturelle infrastrukturen var på plass. Søknaden gjev i det heile eit godt innblikk i kor mange kontaktar JM hadde knyta med ulike verksemder, institusjonar og (ideelle) organisasjonar. Samarbeidet med eit ambulante vitensenter blei det også gjort eit nummer av.¹²⁶ «Dersom Jærmuseet kjem med i det gode selskap av regionale vitensentra kan det innebera svært kjærkomne tilskot til formidling og drift», skreiv Snørteland i sakspapira til styret.¹²⁷ JM meinte å ha gode kort på hand, ei vurdering Forskingsrådet delte. Frå og med fyrste august 2003 var JM regionalt vitensenter, ikkje berre for Jæren og Rogaland, men for begge Agder-fylka med. Namnet Sørvestnorsk Vitensenter speglar det nye territoriet til JM. Oljemuseet i Stavanger hadde også sikla etter denne posisjonen, men nådde ikkje opp. Dei andre regionale vitensentra var Norsk Teknisk Museum i Oslo, Vitensenteret Innlandet, Gjøvik, Bergen vitensenter, Vitensenteret i Trondheim og Nord-Norsk

vitensenter i Tromsø.¹²⁸ Å dekka Rogaland og dei to Agder-fylka baud på praktiske utfordringar. Noko av løysinga på den vansken låg i det rullande vitensenteret Science Circus som JM knyta til seg.¹²⁹

PÅ GAMAL INDUSTRIGRUNN I SANDNES

Museumsstellet i Sandnes var i omforming.¹³⁰ Sidan det nykonsoliderte museet skulle ha eit særleg fokus på industri og teknologi, fall det også naturleg å legga vitensenterkonseptet til grunn. Alt på slutten av 2002 var den fyrste utstillinga oppe å gå i dei lokalitetane ein då rådde over. «Leonardo da Vinci – et geni av sin tid» sprang rett nok ikkje ut av lokale tilhøve. Men mannen og verket viste likevel kva som var mogleg å få til under enkle tilhøve. Slapp ein undringa til, kunne ein koma på sporet av det meste, sjølv i førmoderne tider.

Det nye museumsbygget i byen (JM III), blei planlagt i kjerneområdet til sykkelfabrikken Jonas Øglænd i Solavegen 10. Her hadde Sandnes kommune løyst inn eit heilt industrikvartal til ein pris av 25 millionar kroner. Sandnes hadde orden i finansane sine og musklar til å ta eit tak. Når vitenfabrikken/museet attpåtil kunne knytast til byjubileet i 2010, og prosjektet europeisk kulturhovudstad i 2008, var det ingen grunn til å skrapa med foten. At det jamt over var gode tider i næringslivet, la heller ingen dempar på planane. Det var grunn til å rekna med mykje støtte frå det haldet. Til dette kom at JM som institusjon og kulturell næringsaktør hadde blitt ein faktor å rekna med. Anlegget på Kvia, det regionale museumsnettverket som hadde blitt etablert, statusen som regionalt vitensenter og det mangslungne



Vitenfabrikken legg vekt på drama som formidlingsform. Vitenfabrikken har omlag 30 ulike eksperiment bygd etter Leonardo da Vinci sine teikningar. Dei er utstilt i Krossens Havremølle. Her er Leonardo sin læregut i diskusjon med meisteren sjølv, slik Anne Torunn Braut og Sigbjørn Stangeland formidla historia til elevane i Krossens Havremølle i 2005. Foto: Elisabeth Tønnessen, Jærmuseet.

aktivitetsspekteret signaliserte dynamikk, vokster og oppdrift.

Planar om ein vitenfabrikk tok form. Hausten 2003 blei ein arkitektkonkurranse, for heile Europa, lyst ut. For å nå opp måtte museet/vitensenteret få «en arkitektonisk ramme som fremhever regionens og byens egenart som et sted for teknologisk innovasjon og nytenking». Bygget måtte dessutan yta tilskot til «kom-muneplanens mål om et aktivt og levende sentrum». At byen framleis var eit viktig knutepunkt for handel og næringsliv «mellom Jæren og omverden», måtte også bli synleggjort.¹³¹ Å omgjera alle desse fordingane til eit praktisk og tenleg bygg, var neppe så enkelt. Vin-narutkastet, «Jonas og Vitenfabrikken» blei kåra våren 2004. Det tredje bygget til JM hadde ein prislapp på nærmere 100 millionar kroner, det tredoble av anlegget på Kvia.¹³² Summen ymtar om at JM var i ferd med å bli stor på meir enn ein måte.

Våren 2005 gjekk ein fyldig søknad til Kultur- og kyrkjedepartementet om byggstøtte på 45 millionar kroner. Legg ein til at søknaden berre femnde om det første byggesteget, seier dette noko om både ambi-sjonsnivå og forventningar til «kulturstaten». Sjølv om magemålet kan kritisera, var dette likevel i tråd med offentlege signal. Når det gjeld vitensentra, var det jamvel forsikringar om at styresmaktene ville trappa opp innsatsen. For JM var det interessant at ikkje berre kystkultur, fiskeri og sjøfart stod på prioriteringslista, men også industri og tenesteytande næringer. Skulle musea kunne spela ei «utvida rolle innafor økologi og miljøvern», måtte også den regionale naturvitenskaplege

kompetansen styrkast.¹³³ Det var jo akkurat det JM og det nye vitensenteret emna på. Elles er det verd å merka seg at satsinga til JM også var forankra i Strategisk næringsplan for Stavanger-regionen. Det betyr at museet definerte og oppfatta seg sjølv som ein aktør innafor storbyregionen. Dette gjev hint om ei samordning og samtenking på overordna regionalt nivå. Utviklinga på 2000-talet er i det heile uttrykk for ei tettare samanveving av ulike segment i politikk, forvalting og økonomi.¹³⁴ Å skilja mellom privat og offentleg sektor gav ikkje like god meining som før.

Sommaren 2005 kunngjorde kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, godt assistert av stortingsrepre-sentant Bjørg Tørresdal frå Sandnes, at JM hadde fått 45 millionar kroner til det fyrste byggesteget. Dermed var det berre å trø til for fulle mugger. Den 22. mai 2008 blei eit bortimot kvadratisk nybygg i grønt glas og be-tong på 4000 m² opna av forskingsminister Tora Aas-land og Abelprisvinnaren John Giggs. Igjen var det ce-leber representasjon, men no dreia det seg ikkje lenger om kultur-, men om forskingsministeren. Dette spegla ei forskyving av hovudfokusset. Planetariet var nok det mest spektakulære på inventarsida. Denne «himmel-teknologien» var uttrykk for at JM også hadde gjeve seg astronomien i vald – og at museet/vitensenteret stila mot yttergrensene i tilværet. Elles rømde nybygget au-ditorium, mykje udstillingsplass, kafé og butikk.¹³⁵

Opningsutstillinga, Abels skissebok, rørde seg på eit vidt felt. Den underliggende tanken var å få fram samanhengar mellom teknologi, vitskap og kunst. For så vidt var det lite som minna om fortid og museum i



Abelprisvinnar John Giggs, forskingsminister Tora Aasland og avdelingsleiar Gro Persson ved opninga av Vitenfabrikken 22. mai 2008. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.



Den digitale kontainaren i Vitenfabrikken innehold mange eksperiment på elektrisitet, talsystem, og komputer. Her har Kjell Sele vore idemakar, åleine og saman med andre og han har bygd det meste på museet sin verkstad.

Foto: Hallvard Nygård, Jærmuseet.

denne temakatalogen. At kunsten og det kunstfaglege feltet no hadde blitt ein del av profilen, bar bod om ei ytterlegare horisontutviding. Abels skissebok var basert på vitensenterpedagogikk og interaktiv formidlingsmetodikk. I den fyrste etasjen fanga den verksame, skapande og nakne kroppen, med vekt på hjerne og genar, blikket. Menneske + teknologi (materialar, verktøy og reiskapar) var hovudtemaet i den andre. For å ta ut det skapande potensialet var det også behov for energi og infrastruktur, noko tilstøytande rom tok høgde for. Jo lenger «ut» og «opp» i utstillinga ein kom, di meir ljós, himmel og astronomi blei det. Det var som store deler av den fysisk-materielle røyndomen blei sett på skaft. Spente utstillinga vidt med omsyn til tema, galdt det ikkje mindre på formidlingssida. Med matematikkteateret «Abels Abeligøyer» hadde tal- og formeluniverset gjennomgått ei ekstrem forvandling. Lenge før opninga av nybygget hadde det også blitt stifta ein geometriklubb for born på ettermiddagstid. I samband med vitskapleggjeringa av JM, avdeling Sandnes, hadde det også blitt opna ein forskarfabrikk for barn. Det er som ein kan sjå for seg eit miniuniversitet både i bokstavleg og overført tyding.¹³⁶

Den teknologiaktige museumssatsinga kosta flesk. I perioden 2001–2008 hadde det nye vitensenteret/det nye museet motteke i overkant av 180 millionar kroner i prosjektstøtte. Av dette kom 54 millionar kroner i gaver og sponsorstøtte frå private gjevarar, fordelt på 50 «aktørar». Staten skreiv seg for 45, Rogaland Fylkesskommune for 17, Sandnes for 30 (eks. tomt), dei andre kommunane på Jæren for fire og Sparebank 1, SR-bank

for fire millionar kroner.¹³⁷ Utstillinga Abels skissebok hadde kravd ei brei mobilisering av ulike miljø, faginstansar og «materielle» leverandørar. Når ein ser alle verksemndene som på ein eller annan måte ytte bidrag, fell både det mangslungne og komplekse i auga. I sentrum av eit stort og vidgreina nettverk opererte JM, som ein edderkopp, som spann sine trådar.¹³⁸

TETT PÅ SAMTIDA

Innimellan alle bygge- og utstillingsprosjekta blei det også utført forskings- og dokumentasjonsarbeid. Prosjektet «Med sauens til heis» (1996) er alt nemnt.¹³⁹ Arbeidet med museumsplanen på Sandnes først på 1990-talet resulterte i fleire industriartiklar, signert Målfrid Grimstvedt.¹⁴⁰ Utover det industrielle Jæren har ho også arbeidd med etterkrigsjordbruket og endringane dei siste tiåra. I prosjektet «Plast i jordbruksproduksjonen» var spørsmålet korleis det nye materialet hadde prega jordbruksproduksjonen, i jordbæråkrane, i siloane, i rundeballeproduksjonen og i mykje anna.¹⁴¹ «Plastifiseringa» kunne sporast omtrent over alt.

I prosjektet «Ein jærsk gard ved tusenårskiftet» tematiserte Grimstvedt det nymoderne jærjordbruket. Det var altså tale om ein heilt bestemt gard, eit familiebruk på Klepp som både dreiv med mjølke- og grønsakproduksjon. Feltstudiet avdekkja mellom anna at den vidtdrivne mekaniseringa og automatiseringa inne og ute ikkje hadde overflødiggjort den manuelle arbeidskrafta. Det skuldast i første rekke den halvmekaniserte grønsaksproduksjonen. Forutan gardsfolket

sjølv var det i periodar 10–15 jordbruksstudentar frå Latvia, Bulgaria og Kviterussland i sving. Desse mobile sesongarbeidarane frå Aust-Europa eksemplifiserte på mange måtar den nye «drengeklassen» på Jæren. Hyppig bruk av maskinentreprenørar og konsulentar speglar på sitt vis mange spesialiserte arbeidsoperasjonar, mykje avansert landbruksteknologi og framfor alt strenge økonomi- og kvalitetskrav.¹⁴² Spranget til dei gamle driftsformene på Kvia-garden var påtakeleg!

I prosjektet «Kven har kontroll på norsk mat?» spann Grimstvedt for så vidt vidare på denne tråden. Men i staden for bonden blei maten og matproduksjonen sett i sentrum. Det utelukka likevel ikkje ei gardsmetodisk tilnærming, og fire bønder med ulike driftsprofilar blei kikk i korta. Biletet som kom til syne viste for det første eit langt større mangfald enn tidlegare. Å setja jærbonden anno 2009 på ein enkel formel gjekk ikkje. Her var både «vanlege» bønder, økobønder, nisjeorienterte gardsmatbønder og globaliserte fjærkrebsbønder i sving. At mykje av maten blei importert, var på ingen måte noko nytt. Derimot var det meir overraskande at så vidt mykje av den heimlege matproduksjonen baserte seg på varer utanfrå. For skuld ein meir globalisert matproduksjon hadde nye avhengighetsstrukturar festa seg.¹⁴³

Over tid har Målfrid Snørteland sett nærmare på kosthald og matvanar frå 1800-talet og opp mot vår eiga tid. Dette har munna ut i ein lengre artikkel, som seinare har blitt bygd ut til ei historisk matbok.¹⁴⁴ Etter kvart blei dei andre regionmusea i fylket også involverte i denne tematikken. Ut av dette samarbeidet sprang ei bok om det roglandske kjøkkenet.¹⁴⁵ Her var både Fylkesman-



Prosjektet «Ein jærsk gard ved tusenårskiftet» sette m.a. lyset på den nye «drengeklassen» på Jæren – sesongarbeidarane frå Aust-Europa som gjer det muleg for jærbøndene å driva arbeidsintensiv grønnsakproduksjon. Her haustar dei blomkål på Vik i år 2000. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

Frå billettskranken på Stavanger lufthavn Sola. Dei flyktige møta mellom dei som arbeider på flyplassen og dei som er her ei kort tid, er eit felles særtrekk for flyplassane.

Foto: Nina Katinka Fredriksen, Jærmuseet



Tolleiv Aasen og kona var på Vitengarden og stappar pølser på matkurs i regi av Høgskulen på Jæren i 2005.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet.



nen si landbruksavdeling, den såkalla «Gladmat»-institusjonen, fleire kokkar og altså JM med. Målet med det heile var å styrka matnæringa i Rogaland og på Jæren, og spørsmålet om relevant kompetanse melde seg også. Med tanke på eit studium i matkultur innleia JM eit samarbeid med Høgskulen på Jæren, som då heldt til i Nærlandsparken, og Vestnorsk Kulturakademi i samarbeid ved Universitetet i Bergen. Fyrst og fremst på grunn av for få studentar rann dette tilbodet ut i sanden etter eit par år.¹⁴⁶ Det som altså starta som eit uavhengig forskingsprosjekt fekk over tid ikkje berre eit større geografisk nedslagsfelt og fleire aktørar, det rømde også element av næringsutvikling og kompetansebygging. Satsinga er endå eit døme på korleis kultur og økonomi kunne draga vekslar på kvarandre.

Eit blikk på «Flyplassen» var eit dokumentasjonsprosjekt som tydeleg braut med den agrare ramma til JM. Målet for Inger Smidt Olsen var ikkje fyrst og fremst å avdekka teknologi, infrastruktur, arbeidsorganisering og tenestespekeret, men ta tida (kring tusenårsskiftet) på pulsen, sjå på det reisande folket, korleis dei ulike gruppene tedde seg o.s.b. Ho valde seg ein stor og ein liten flyplass, meir bestemt Stavanger lufthavn Sola og Haugesund lufthavn Karmøy. Samstundes som det blei registrert skilnader i tempo, rytme, trykk og ytre rammer, var det likevel noko med det å vera på farten som var likt og som heva seg over storleiken og det stadbundne. Desse observasjonane peika mot ein flyplass-kultur. Olsen konkluderer med at det synest å eksistera «ein slik tredje kultur eller frittflytande kulturell form», som dei fleste deler.¹⁴⁷

SJØLVASTE GARBORG TIL FORVALTING

JM begynte som eit utradisjonelt, men likevel «reint» museum. Vitensentersatsinga på overgangen til 2000-talet innleia på mange vis ein ny epoke. Kunnskap, teknologi, økonomi, miljø og regionbygging – altså moderne tematikkar – fekk større plass. Ein har også orientert seg mot havet og sjøen, og med utgangspunkt i Tungenes fyr er eit maritimt vitensenter på trappene.¹⁴⁸ Samstundes med denne utviklinga, har også mjukare element funne vegen inn i museumskonseptet. Innlemminga av kunstfeltet er eit tydeleg uttrykk for denne tendensen. At Hå gamle prestegard delvis har blitt ein del av ansvarsområdet til JM, dreg i same lei.¹⁴⁹

At JM ekspanderte både på tradisjonelle felt og på nærskyldne kulturområde, viser ikkje berre vokstertron. Utviklinga fortel også at JM på dette tidspunktet hadde fått ein storleik og momentum som kvalifiserte for nye oppgåver. JM hadde blitt så tung i det regionale kulturfeltet at både naturlege og unaturlege oppgåver blei skubba over på museet. Faren for å bli ein kulturrell avlastningsinstitusjon for kommunane kan augnast. Men i dette spenningsfeltet var også staten ein aktør. Den ynskte som alt nemnt store og integrerte museumseiningar. Slik sett var voksteren og differensieringa i JM-systemet i pakt med offentlege målsetjingar. Samstundes hadde ikkje JM noko imot å veksa.

I 2001 var det 150 år sidan Arne Garborg blei fødd. Det såkalla «Garborg-året» blei markert på ulike måtar, og interessa for denne særmerkte tenkjaren, diktaren og samfunnsmennesket frå Jæren blei mykje nøra. Med det som bakteppe kasta Time Mållag fram

tanken om å få reist eit Garborg-senter på Bryne. Ei arbeidsgruppe kom i sving, kommunen blei hekta på og ganske snart også staten. Utan pengar frå sentralt hald ville det bli vanskeleg å få til noko med format over. Styresmaktene var slett ikkje uvillig å gå inn med midlar, men sette som vilkår at senteret blei ei avdeling under JM. Ultimatumet – «la dykk samordna, elles får de ikkje ei krone frå staten!» fall ikkje i god jord lokalt. På leiarplass gav *Jærbladet* klart uttrykk for at dette var ein dårlig politikk. Skulle Garborg-senteret bli «eit regionalt kulturelt fyrtårn med nasjonal påverknad», kunne det ikkje plasserast under eit museum som frå før hadde hendene fulle og vel så det. Måtte senteret plent samordnast med nokon, ville Universitetet i Stavanger trass alt vera ei betre løysing. Desse synspunkta delte ikkje staben på Kvia. Der i garden heitte det at «Integrering av eit Garborgsenter, (og ev. andre liknande institusjonar) kan ein på fleire måtar sjå som ei vidareutvikling av dei strategiane JM har fylgd dei siste åra». ¹⁵⁰ Elles er det meiningsa at også Garborg skal utforskast etter «læra ved å gjera»-pedagogikken. ¹⁵¹ Ut frå eigenarten og verksemdsfeltet til museet var neppe denne innlemminga så opplagt. Og samstundes går det an å sjå ein viss logikk også i dette.

Levetida til Garborg fall saman med «det store ham-skiftet i bondesamfunnet». ¹⁵² Det var ei brytnings- og oppbrotstid av dei sjeldne som sette seg både i sjel og sinn. Ingen stad kjem dette klarare til uttrykk enn i *Fred*, den store jærromanen hans. Garborg var odels-guten som blei bondestudenten. Han braut opp frå det tunge og mørke Jæren, flytta til hovudstaden og blei ein

skrivande intellektuell med meininger om det meste. Garborg tok opp i seg dei nye livstolkingane («det moderne»), men makta likevel ikkje heilt å riva seg laust frå det jærske. Også det moderne bylivet hadde sine skuggesider. Garborg var heile livet på vandring, det galdt å vinna ny innsikt, om seg og lagnaden sin, om tida og utviklinga. Karakteristikken, «jærbu og europear», fangar opp noko av den tematiske spennvidda i han.¹⁵³

JM blei grunnlagt for å dokumentera utviklinga i det jærske og norske jordbruket, og då primært ut frå ein teknologisk-økonomisk synsstad. Den kulturelle overbygnaden (tru, tenking, «filosofiar») var ikkje på same måten noko definert område. Den litterære produksjonen til Garborg tematiserer, analyserer og «forklarar» dei same endringane med ord og «ånd», med granskaren og diktaren sine finslipte verktøy. Dermed kan han også karakteriserast som ein hamskiftediktar, ein litterær analyticar som skreiv om det nye Jæren og det nye Noreg. Når JM også fekk Garborg-senteret under vengene sine, treng altså ikkje det vera nokon framand fugl. Det kan tvert imot sjåast på som ei komplementær side ved verksemda.

ØKONOMI, ORGANISASJON OG KULTUR

JM starta i det vesle formatet, også økonomisk. Ein levde av støtte frå eigarkommunane og av nokre mindre tilskot frå fylke og stat. Lenge var det berre tre faste stillingar. Resten høyrde til kategorien mellombels arbeidskraft. Som følgje av høg arbeidsløyse løvvde staten midlar til ekstraordinære sysselsetjingstiltak. JM var ein hund etter slike pengar, og hyra inn folk til førefallande arbeid



Styret i perioden 2004–2008: Framme frå v. Inglen Haugland, Liv Todnem, vara for Rogaland fylkeskommune; Martha Ulvund, styreleiar; Målfrid Snørteland; Jostein W. Rovik, Sandnes. Bak f.v. Magnar Matningsdal, vara for Hå; Per Øhmann, Sola; Olav M. Bråteit, tilsette representant; Karl Edvard Aksnes, Gjesdal; Michael Evans, Time; Tor Alm, Randaberg. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

som ikkje kravde spesielle kvalifikasjonar. Dette skapte ein kjerne av faste arbeidarar, og ei etter måten stor gruppe av folk som var innom for kortare eller lengre tid. Periferiarbeidarane utgjorde det fleksible elementet i JM-organisasjonen. Mangla det pengar og stundom oppgåver, var det ut – eller inn om konjunkturane vende oppover. JM-økonomien hadde også ein uformell del som gjekk på gunstige vilkår frå Hå kommune, veder-

lagsfri produksjonshjelp frå ein del bedrifter og ikkje minst ein omfattande dugnadssinnsats.¹⁵⁴

Med nybygget på plass (JM I på Kvial) kom verksamda over i ein ny fase. No måtte ein få ein omsetnad som kunne forrenta den investerte kapitalen, og som samstundes var stor nok til å sikra drifta. I siste del av 1990-talet kom fylket inn med løvingar til øyremerka formidlingsstillingar. Det blei opplevd som eit heilt nød-

vendig handslag i ei tid prega av noko fallande interesse. I denne noko trengde situasjonen kom vitensenterkonseptet seglande som ein bergingsbøye. JM skjøna si gjestingstid, mobiliserte, grep moglegheitene og fekk noko å veksa på. For å makta dei nye utfordringane måtte nærmast ein eigen vitensenterorganisasjon byggast opp. Den fekk langt fleire tilsette enn den gamle museumsorganisasjonen.

Etter at drifta av Sørvestnorsk Vitensenter blei sikra med faste offentlege løyingar (frå staten), vokste gruppa av faste kjernearbeidarar, men utan at periferi-arbeidarane forsvann. Samstundes auka talet på samarbeidande institusjonar og fagperssonar. Det betyr at JM-organisasjonen både blei større og meir differensiert, og det same galdt økonomien. Ein klar tendens er voksteren i dei offentlege løyingane.

Utviklinga synest å ha gått i retning av ein nettverksøkonomi. Å avgrensa politikk, økonomi og organisasjon i høve til kvarandre blir bortimot uråd. Alt heng saman med alt – på sett og vis. Når Arne Norheim, ein kjend næringslivsleiar i regionen, i dag er styreleiar for JM, er også det eit teikn i tida. Det fortel noko om kor trykket i verksemda ligg.

JM-kulturen har sjølv sagt blitt merka av denne utviklinga. Det seier seg sjølv at med få tilsette og utprega andlet-til-andlet-relasjoner, var det ikkje behov for utførlege instruksar og nøye opprette organisasjonskart som viste linjer og plassering. Som fylgje av dette hadde styringa og utøvinga av leiarskapet også ein uformell og direkte karakter. Så er det nærmast som ei jernlov at med vokster og ekspansjon fylgjer byråkrati, formalisering

DIAGRAM 1
UTVIKLING I STILLINGSRESSURSAR/ÅRSVERK
VED JM 2001–2009 FORDELT PÅ AVDELINGAR/FUNKSJONAR.
Kjelde: Jærmuseet





DIAGRAM 2
OVERSYN OVER «TILSKOTSØKONOMIEN»
TIL JM 2000–2008 (MILL KR).
Kjelde: Jærmuseet



og skriftleggjering av relasjonar, mykje møteverksemd og i det heile stivare og stølare strukturar. Det er ingen tvil om at JM har fått drag som klart minner om dette. Spørsmålet er likevel om JM utan vidare går inn i dette mønsteret. Mykje tyder på at JM, trass i storleik og fleire avdelingar, ikkje har mista bakkekontakten og «sjela» si. På innsida av dei formelle strukturane er det framleis nære, tette og ganske uformelle relasjona. Ein hovudgrunn til det er at leiarparet, Målfrid S. og Målfrid G., ikkje har skifta mental habitt som fylgje av voksteren. Dermed ligg grunndraga i stor grad fast. Samstundes har den raske voksteren også skapt visse problem. Dei går både på plassmangel, stort arbeidspress, eit visst kommunikasjonsunderskot og på kontakten og samkøyringa mellom dei ulike avdelingane,¹⁵⁵ viser ei nyleg gjennomført arbeidsmiljøundersøking.

DET MODERNE KUNNSKAPSMUSEET

I denne artikkelen har opptakten, etableringa, utviklinga og voksteren av JM vore den raude tråden. Sjølv om det har vore slakkare periodar innimellom, ja bortimot stillstand, så er hovudbiletet at det meste har gått ein veg – og det er oppover. I museumskrinsar har då også denne «sterke» utviklinga blitt lagt merke til. Å bli kåra til det beste museet i Noreg, som tilfellet var i 2009, er eit uttrykk for det. Same året vann JM også prisen for det mest lovande teknologimuseet i Europa.¹⁵⁶ Dessutan kom JM også svært godt frå ei evaluering av norske vitensentra i 2009.¹⁵⁷ Omdømekapitalen i jubileumsåret er med andre ord ganske høg.

Når denne positive utviklinga skal forklarast, er det



Arne Norheim tok over som styreleiar i Jærmuseet våren 2008. Som tidlegare næringslivsleiar og styreleiar /styremedlem i både private bedrifter og offentlege kulturinstitusjonar har han brei røysle frå ulike typar verksemder. Saman med Bjørn Stangeland og Eirik Eik var han og sentral i innsamlinga av private midlar til planetariet i Vitenfabrikken. Han sit og i bystyret i Sandnes. Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.

flere moment som fell i auga. For det fyrste var og er Jæren ein dynamisk og «produktiv» region. Her hadde det blitt skapt store verdiar både i jordbruket, i industrien og i nyare tid også i tenestesektoren. Dessutan budde det etter måten mykje folk her med alt det hadde å seia for publikumspotensialet. Så hadde kulturen også både eit kollektivistisk og eit individualistisk tilsnitt. Sjølv om samfunnet var prega av ulike interesser, spenningar og konfliktstrukturar, var det likevel tradisjon for å ta eit

tak og løfta i flokk, når tida og tidene krov det.¹⁵⁸ Hadde ikkje jærkommunane funne fram til ei form for samforstand, ville det aldri blitt noko jærmuseum av det slaget som ein ser i dag.

JM som ide og prosjekt kom opp i ei tid med stramme offentlege finansar, både på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg hald. Dermed krov det ikkje lite arbeid i kulissane for å få politikarane på gli. Det er neppe noko overdriving å hevda at starten var trøng og ikkje så lite smertefull. På den andre sida var det næraast ein uttala strategi frå dag ein av at JM måtte stå fram som noko meir enn eit regionalt prosjekt. At JM i 1994 innleia eit nasjonalt dokumentasjonssamarbeid med Norsk Landbruksmuseum og Egge Museum i Steinkjer, var eit strategisk viktig grep. JM signaliserte med det ein «rett» til statlege midlar. Elles var det overlag viktig at utdannings-, kultur- og museumspolitikken i Noreg gjekk i ei retning som JM utan større vanskar kunne tilpassa seg. Vitensentersatsinga og konsolideringsprosessen blei integrert i JM sin strategi på ein «naturleg» og voksterfremjande måte.

Det synest også klart at allianse- og nettverksbygging har betydd mykje. Når det gjeld Kvia-garden, er det ingen tvil om at koplinga til 4H-rørsla var framtidsetta. Gjennom denne alliansen kom JM ikkje berre i inngrep med ihuga idealistar og organisasjonsfolk med syn og sans for bondekulturen. «Læra ved å gjera»-pedagogikken fekk ein også inn i museumstunet på denne måten. Hadde ein oppnådd det, var vegen heller ikkje lang til skulen, læraren og elevane. Det var på alle måtar gode alliansepartnarar. I samband med utstilling-

gar og opne dagar samarbeidde JM også tett med bondelag, bondekvinnelag og andre jordbruksstilknytte lag. Det skapte både legitimitet og blest om aktivitetane. At JM også fridde til næringslivet med brukbart hell, er også eit gjennomgåande trekk. Etter tusenårsskiftet breidde JM-nettverket seg vidare utover.¹⁵⁹


Å sjå moglegitetene i tida, tyda dei politiske signala, omsetja dei i strategi og praktisk handling – til «museumsverksemdu», krov eit vake og strategisk blikk. I dei innleiande rundane spelte Stein G. Sægrov ein aktiv og viktig rolle. At han seinare blei kulturdyrkret i Oslo, «kulturmaktas sentrum», var heller ikkje uvesentleg for den seinare historia til museet. På ein særleg måte har styraren i alle desse åra, Målfrid Snørteland, vore berar av evne til å sjå og handla. Samstundes har ho visst å spela på museumspolitikarane «sine», først og fremst i JM-styret, men også i kommunane og i fylket. Forutan Roald Bergsaker har Eldar Odland frå Hå vore ein av dei mest sentrale. Odland var ei tid både ordførar i verkskommunen og fylkeskommunen sin representant i JM-styret. I høve til kommunane har også kontakten og samarbeidet med kultursjefane, særleg Magnar Flesland i Hå og Egil Larsen i Randaberg, betydd mykje.¹⁶⁰

Frå den overordna strategiske styringa går ei linje til utøvinga av leiarfunksjonen i den daglege drifta. Sjølv om JM-organisasjonen har blitt større og spissare med åra, har Målfrid S. og Målfrid G. stått for eit «flatt» og effektivt leiarskap. Dei har hatt ulike, men utfyllande rollar. Saman med medarbeidarane sine har dei makta å bygga ein traust, «triveleg», samlande og resultatori-



Prisvinnarane samla under utdelinga av Museum of the Year Awards i Bursa, Tyrkia mai 2009. Målfrid Snørteland og Målfrid Grimstvedt tok imot Luigi Micheletti Award.

Foto frå EMYA.



Jærmuseet ble kåra til Årets museum i Norge i 2009 på landsmøtet til Norges Museumsforbund i Malmö.

← Jury for European Museum of the Year Award EMYA gav Jærmuseet «Luigi Micheletti Award» for 2009 som beste nye teknologimuseum. Juryen la m.a. vekt på det unike samspelet mellom Vitengarden og Vitenfabrikken.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

entert bedriftskultur. Det har vore få konfliktar innetter i organisasjonen. Sjølv om museumspreget har blitt noko utvatna, har ikkje det skapt dei store bruduljane. Leiinga har makta å sjå museet og vitensenteret, ikkje som to skilde institusjonar, men som to alen av same stykket.

Samstundes er det avslutningsvis på sin plass å stilla spørsmålet kva verksemd eller institusjon JM har blitt. Det begynte som eit levande gardsmuseum, med for så vidt eit avgrensa nedslagsfelt, til å vera ein moderne samtidsorientert kunnskapsinstitusjon langt inne i skuleverket og den regionale økonomien. Av det fylgjer at JM ikkje lenger berre er ein museumsaktør, men også ein næringsaktør.¹⁶¹ Med eit slikt nedslagsfelt kan spørsmålet også stillast om ikkje JM står i fare for å tapa museumssjela si. Er det framleis ein raud tråd, noko som bind saman alle aktivitetane? Eller har museet blitt ei sektorisert verksemd som før eller seinare vil sprengast og falla frå kvarandre? Denne voksteren representerer utan tvil store utfordringar på leiar- og organisasjonsplanet.

Held ein saman visjonane og draumane for JM, var det neppe dagens museum etablerarane såg for seg. Eller var det nettopp ein såpass mangslungen institusjon «modernistane» på skipsmøtet i 1985 vona på? Korleis framtida blir, veit ingen. Men kanskje gjev den siste museumsmeldinga, *Framtidas museum* (2009), visse haldepunkt. I det fyrste tiåret på 2000-talet stod større og meir berekraftige einingar i framgrunnen for den offentlege politikken. No ligg trykket meir på det reint museumsfaglege og mindre på den ytre struk-

turen. Dei fire F'anane i undertittelen – «Forvaltning, forsking, formidling, fornying», peikar i den leida.¹⁶² For JM kan dette bety ei dreiling bort frå nettverks- og utstillingsbygging mot meir klassiske museumsoppgåver. I dei siste årsmeldingane finst teikn som står ei slik oppfatning.



Arbeid for eit betre museumstilbod på Jæren er ikkje ferdig. Nye oppgåver står i kø. I september 2010 besøkte statsråd Anniken Huitfeldt museet og tok då eit tak for bygningsbevaringa ved alle muse i landet. Museumsbonde og vaktmeister Odd Kjetil Liland og Dan Kåre Hansen Liland hjelper til med steinbukken. Foto: Jærmuseet.

TILFANG

- Almås, R. 2002. Frå bondesamfunn til bioindustri. *Norges landbrukshistorie IV 1920–2000*. Oslo.
- Arnestad, G. 1989. *Kultur for regional utvikling. Kultursatsing i eit utkantfylke mot slutten av 1980-åra*. Rapport. Sogndal.
- Arnestad, G. (red) 1995. *Kultur- og regionalutvikling*. Oslo.
- Austad, K.G. 2006. Læra med å gjera. I *Sjå Jæren*, 140–152.
- Ball, S. J. Ball (ed.) 2004. *The RoutledgeFalmer Reader in Sociology of Education*. New York.
- Benum, E. 2005 (1996). Overflod og fremtidsfrykt 1970–1997. *Aschehougs Norgeshistorie* Bd. 12. Oslo.
- Bugge, A. og S. Steen (red.) 1942. *Norsk kulturhistorie. Billeder av folkets dagligliv gjennom århusener* Bd. 5. Oslo.
- Englund, T. 2004. John Dewey: Den pragmatiske utbildningsfilosofien. I Steinsholt, K. og L. Løvlie (red.). *Pedagogikkens mange ansikter. Pedagogikkens idéhistorie fra antikken til det postmoderne*, 376–391, Oslo.
- Erland, S. 1991. Drivkretene bak oppbygginga av jærindustrien. *Sjå Jæren*, 9–21.
- Eriksen, A. 2009. *Museum. En kulturhistorie*. Oslo.
- Fl.forf. 2010. *Sandneshistorien. Fra husklynge...til stor by* 1 og 2. Bergen.
- Fossgard, E. 1996a. *Frå lagnad til val. Kvinneliv på vestnorsk gardsbruk 1930–1990*. Jærmuseet.
- Fossgard, E. 1996b. Minne frå reiskapsindustrien på Jæren. *Sjå Jæren*, 85–91.
- Furre, B. 1999. *Norsk historie 1914–2000. Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*. Oslo.
- Grimstvedt, M. 1989. Krossens havremølle. Dokumentasjon av ei produksjonsbedrift. *Sjå Jæren*, 96–109.
- Grimstvedt, M. 1991a. På leirgrunn. Tegl og potteri i Rogaland. *Sjå Jæren*, 45–63.
- Grimstvedt, M. 1991b. Katalog over leirvarebedrifter i Rogaland. *Sjå Jæren*, 64–73.
- Grimstvedt, M. 1999. Havregrynmøllene i Rogaland. *Sjå Jæren*, 116–139.
- Grimstvedt, M. 2000. Plast i jordbruket. *Volund* 1999–2000, 111–154.
- Grimstvedt, M. 2001. Gulrot eller mjølk. Ein jærsk sjøgard ved tusenårsskiftet. *Sjå Jæren*, 48–85.
- Grimstvedt, M. 2009a. Kven har kontrollen på norsk mat? I Berkaak, O.A. et al. (red.) *På sporet av den tapte samtid*, 115–125, Bergen.
- Grimstvedt, M. 2009b. Jærsk matproduksjon i endring. I *Sjå Jæren*, 41–85.
- Grimstvedt, M. et al. 1996. *Med sauен til heis*. Jærmuseeet.
- Grov, H. og M. Snørteland 2005. *Det jærskje kjøkken*. Oslo.
- Grønstøl, S. B. og H. Grønstøl (red) 1998. *Landet nord for Sinsenkrysset. Regionalismen i norsk kultur*. Oslo.
- Gurandsrud, E. 2009. Glimt frå fymuseum. I *Sjå Jæren*, 87–99.
- Haraldsen, T. et al. 2004. *Kartlegging av kulturnæringerne i Norge – økonomisk betydning, vekst- og utviklingspotensial*. Rapport. Østlandsforskning.
- Harbo, H. 1994. Gardbrukar I gamma log ny tid. *Sjå Jæren*, 83–93.
- Hargreaves, A. 2004. *Læring og undervisning i kunnskaps-samfunnet. Utdanning i en uthygg tid*. Oslo.
- Henning, M. 2006. *Museums, Media and Cultural Theory*. New York.
- Hesmondhalgh, D. *The Cultural Industries* 2nd ed. London.
- Hooper-Greenhill, E. 1992. *Museum and the shaping of knowledge*. London.
- Hooper-Greenhill, E. 2002. Critical Pedagogy in the Post-Museum. I Johansen, A., 209–230.
- Indrebø, H.T. 2003. Meieriet og mannen. Meieriet var Nærø Meieri. Mannen heiter Gabriel Ueland. *Sjå Jæren*, 106–119.
- Johansen, A. et al. (red.) 2002. *Tingenes tale. Innspill til museologi*. Bergen.
- Jærmuseet 2000. Jærplogane. Oversyn ver heste- og traktorplagar produserte på Jæren 1870–1990. *Sjå Jæren*, 95–131.
- Jøssang, L.G. 2004. *Industrieventyret på Jæren*. Oslo.
- Jøssang, L.G. 2010. Dansen gjennom skuggeheimen. I (fl.

- forf.) *Sandnesshistorien...til stor by* 1,153–201, Bergen.
- Lie, T. 1985. *Ny giv i det interkommunale samarbeidet? Nytt liv for fylkeskommunen? Nye kommunegrenser?* Jæren Planleggingsråd/Sandnes.
- Luke, A. 1997. Critical Discourse Analysis. I Saha, 51–56.
- Mangset, P. 1992. *Kulturliv og forvaltning. Innføring i kulturpolitikk.* Oslo.
- Marshall, J. and M. Peters 1997. Postmodernism and Education. I Saha 88–92
- NOU 1988:23. Med viten og vilje.
- NOU 1996:7. Museum. Mangfold, minne, møtestad.
- Obrestad, T. 2006. Tobias er 70. I *Sjå Jæren*, 6–10.
- Olsen, I.S. 2003. «Å reise er å leve». Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet. I *Sjå Jæren*, 67–87.
- Persson, G. 2005. Storstilt Sandnessatsing. I *Sjå Jæren*, 79–99.
- Risa, L. 1992. Jæren Meieri som skulestad og kvinnearbeidspllass. Eit tidsbilete frå åra 1932–1933. *Sjå Jæren*, 41–49.
- Saha, Lawrence J. [ed] 1997. *International Encyclopedia of the Sociology of Education.* Oxford.
- Sandmo, E. 2002. Gammel og ny kulturhistorie. I Johansen, Anders, 116–132.
- Skretting, T. 1995. Kviagarden. I *Sjå Jæren*, 94–103.
- Slettan, D. [red.] 1989. *Bondesamfunn i opplosning? Trønderske bondesamfunn 1930–1980.* Trondheim.
- Snow, C.P. 2001 [1959]. *De to kulturer.* Oslo.
- Snørteland, M. 1989. Gjesdal Ljåfabrikk er restaurert. Ljåproduksjon – ein gammal tradisjon i Gjesdalbygda. *Sjå Jæren*, 110–121.
- Snørteland, M. 1991. Jernhestane på Jærmuseet. *Sjå Jæren*, 95–105.
- Snørteland, M. 1995a. Jærmuseet 10 år. I *Sjå Jæren*, 18–32.
- Snørteland, M. 1995b. Audamotlandsgarden. Planlagd demonstrasjonsbruk for det førmekaniserte jærjordbruks. *Sjå Jæren*, 86–93.
- Snørteland, M. 1999. Jærske mattradisjonar. I *Sjå Jæren*, 6–96.
- Snørteland, M. 2003. Førjulstid og juletradisjonar i eldre tid. *Sjå Jæren*, 6–65.
- Stm. 8 [1973–1974]. Om organisering og finansiering av kulturarbeid.
- Stm. 52 [1973–1974]. Ny kulturpolitikk.
- Stm. 23 [1981–1982]. Kulturpolitikk for 80-åra.
- Stm. 27 [1983–1984]. Nye oppgåver i kulturpolitikken.
- Stm. 40 [1990–1991]. Fra visjon til virke.
- Stm. 61 [1991–1992]. Kultur i tiden.
- Stm. 39 [1998–1999]. Forsking ved et tidsskille.
- Stm. 22 [1999–2000]. Kjelder til kunnskap og oppleving.
- Stm. 38 [2003–2003]. Den kulturelle skolesekken.
- Stm. 39 [2002–2003]. «Ei blot til lyst». Om kunst og kultur i og tilknytning til grunnskolen.
- Stm. 48 [2002–2003]. Kulturpolitikk fram mot 2014.
- Stm. 22 [2004–2005]. Kultur og næring.
- Stm. 49 [2008–2009]. Framtidas museum. Forvaltning, forsking, formidling, fornying.
- Størseth, M. et al. [red] 2002. *ET – på kjøkkenet i Rogaland.* Stavanger.
- Sægrov, S. 1989a. Framsteg gjennom folkeopplysning. J. A. Budde sin plan for landbruksutdanning er 150 år. *Sjå Jæren*, 12–23.
- Sægrov, S. 1989b. Reiskapsproduksjon ved landbruksskulen på Austrått. *Sjå Jæren*, 24–33.
- Sølvberg, E. 2004. *Frå Hernes til Clemet – frå plan til marknad?* Kvar går den vidaregåande skulen? Bergen.
- Sørli, O. 1994. Trygve Moi og Moldvarpen. *Sjå Jæren*, 101–107.
- Thomsen, H. 1995. Hanabergsmarka. Et fossilt landskap rundt et aktivt museum. I *Sjå Jæren*, 104–113.
- Tønnesson, L.K.B. 2004. *Norsk utdanningshistorie. En innføring med fokus på grunnskolens utvikling.* Bergen.
- Trippestad, T. A. 2009. *Kommandohumanismen. En kritisk analyse av Gudmund Hernes' retorikk, sosiale ingeniørkunst og utdanningspolitikk.* PhD, UiB.
- Vestheim, G. 1994. *Museum i eit tidsskifte.* Oslo.
- Vestheim, G. 1995. *Kulturpolitikk i det moderne Noreg.* Oslo.

NOTAR

- ¹ Dei tilhøyrande bygdemusea/spesalmusea er omtala annan stad i årboka.
- ² Vestheim 1994:20 ff., NOU 1996:7, 23 ff. og Eriksen 2009.
- ³ Jf Bull, E. 1981. Retten til en fortid. Oslo.
- ⁴ NOU 1996:7, 26 ff.
- ⁵ Mangset 1992:114 ff., og Vestheim 1995:158 ff.
- ⁶ Sjå Etableringsfrekvens i Noreg etter 1900, i NOU 1996:7, 48.
- ⁷ Benum 2005: 32 ff. og Vestheim 1995:172 ff.
- ⁸ Benum 2005:70 ff., Furre 1999:320 ff. og Stm 8 (1973–1974).
- ⁹ Stm 49 (2008–2009), 45 ff. og NOU 1996:7, 48–49.
- ¹⁰ Almås 2002:314 ff.
- ¹¹ Slettan 1989.
- ¹² Benum 2005:111ff. og Furre 1999:397 ff.
- ¹³ Invitasjon til uformell samråding om det lokale museumsarbeidet på Jæren mandag 2. juli 1979.
- ¹⁴ Notat frå samrådingsmøte 2. juli 1979 om bygdemusea på Jæren.
- ¹⁵ Brev frå representantar for bygdemusea på Jæren v/Sverre Kvadsheim (Sirevåg) til formannskapa i Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes og Time, 12.9.1979.
- ¹⁶ Snørteland 1995a.
- ¹⁷ Snørteland 1995a.
- ¹⁸ Snørteland 1995a.
- ¹⁹ Årsmelding for arbeidsåret 1985.
- ²⁰ Framlegg til vedtekter for Jærmuseet, i *Bygdemusea på Jæren. Planar for eit sameint kulturvern* (1983).
- ²¹ Furre 1999:392 ff.
- ²² Jøssang 2010:157–158.
- ²³ Jæren Museumsråd/Stiftinga Jærmuseet – protokoll frå konstituerande møte mandag 21. januar 1985.
- ²⁴ Same stad.
- ²⁵ Obrestad 2006.
- ²⁶ Sjå styreoversyna i årsmeldingane til JM.
- ²⁷ Lie 1985.
- ²⁸ I 1985 stod enno «Nærbo ut av Hå» på somme postkassar.
- ²⁹ Jæren Museumsråd/Stiftinga Jærmuseet. Protokoll frå Rådsmøtet 19. juni 1986.
- ³⁰ Snørteland 1995b, Skretting 1995 og Thomsen 1995.
- ³¹ Kulturvernar mot målet. *Jærbladet* 15.11.1993, Ukens portrett. *Nasjonen* 27.5.1995, Utfyllande opplysingar frå MS i oktober 2010.
- ³² Notat 21.3.1986.
- ³³ Stillingsannonse 28.1.1986.
- ³⁴ Snørteland 1995a og opplysingar frå MS og MG i oktober 2010. Årsmelding 1989 (SJ 1990:162–163).
- ³⁵ Veterantraktorar levebrød for tusenkunstnar på Jæren. *Bondebladet* 17.11.1987.
- ³⁶ Snørteland 1995a.
- ³⁷ I fylkeshistorie *Fra Vistehola til Ekofisk I og II* (1987) og i byhistoria *Stavanger mellom sild og olje 1 og 2* (1988)
- ³⁸ Opplysingar frå MG, 12.10.2010.
- ³⁹ Opplyst av MS 22.10.2010.
- ⁴⁰ Snørteland 1995a.
- ⁴¹ Samarbeidsgruppe mellom Rogaland 4H og Jærmuseet, Sak 22/87, Styremøte 23.9.1987.
- ⁴² Snørteland 1995a og Kvía-garden base for 4H-satsing. *Stavanger Aftenblad* 21.6.1991. Sjå også Samarbeidavtale om 4-H Gard, Sak 25/90, Styremøte 5.9.1990 og 4H-prosjektet på Kvíagarden, Sak 36/91, Styremøte 19.12.1991.
- ⁴³ Englund 2004.
- ⁴⁴ http://no.wikipedia.org/wiki/4H_Norge, 21.09.2010.
- ⁴⁵ Sak 16/87 Museumsgard på Kvía. Demonstrasjons bruk og restaurering av tun. Styremøte 29.6.2987.
- ⁴⁶ Skretting 1995.
- ⁴⁷ Årsmelding 1991 (SJ 1992:133).
- ⁴⁸ Snørteland 1995a og Årsmelding 1993 (SJ 1994:142–143).
- ⁴⁹ Opplyst av MG 7.10.2010. Årsmelding 1995 (SJ 1996:117–188).
- ⁵⁰ Opplyst av MG 7.10.2010. Årsmelding 1994 (SJ 1995:157).
- ⁵¹ «Men ein del er og skuffa over manglende utstillingar. For folk flest er «museum» framleis eit hus med ting i. Ikke

- alle koplar t.d. aktivitetane på Kviagarden til Jærmuseet.»⁵¹
- Årsmelding 1995 (SJ 1996:117).
- ⁵² Årsmelding 1992 (SJ 1993:142–143) og 1993 (SJ 1994:136–137) og 1994 (SJ 1995:152–153).
- ⁵³ Phillips Petroleum Company bladde opp 5 000 kr. Sak 17/87. Finansiering av arkitektkonkurranse. Styremøte 29.6.1987.
- ⁵⁴ Myklebust 1995. Årsmelding 1990 (SJ 1991:109 ff.).
- ⁵⁵ Årsmelding 1988:136 ff., Nybygg for Jærmuseet. *Jærbladet* 9.8.1989 og Årsmelding 1991 (SJ 1992:132).
- ⁵⁶ Årsmelding 1993 (SJ 1994:136–137).
- ⁵⁷ Gjesdal kommune vil ut av Jærmuseet. *Stavanger Aftenblad* 1.11.1990, Pengar til Jærmuseet trass kritiske røyster. *Jærbladet* 20.3.1991.
- ⁵⁸ Årsmelding 1990 (SJ 1991:112).
- ⁵⁹ Innsamling for Jærmuseet. *Stavanger Aftenblad* 6.12.1991.
- ⁶⁰ *Sjå Jæren* 1995:7.
- ⁶¹ *Sjå Jæren* 1995:8–9.
- ⁶² *Sjå Jæren* 1995:10–13.
- ⁶³ Sægrov 1989a og 1989b, Harbo 1994 og Frøyen 2001.
- ⁶⁴ Grimstvedt 1989, 1991a, 1991b og 1999, Snørteland 1989, Erland 1991, Sørli 1994, Fossgard 1996b, Indrebø 2003, Jøssang 2004 og Jærplogane 2000.
- ⁶⁵ Grimstvedt et al. 1996.
- ⁶⁶ *Sjå Jæren* 1990.
- ⁶⁷ Jf årboka *Sjå Jæren* (1989–1995) og årsmeldingane (1985–1995).
- ⁶⁸ *Sjå Jæren* 1995:33–40.
- ⁶⁹ Doktorarbeidet til Elbjørg Fossgard, *Frå lagnad til val. Kvinneliv på vestnorske gardsbruk 1930–1990* (1996) er eit nærliggande døme.
- ⁷⁰ Naturfag vs. humanistiske fag (Snow 2001).
- ⁷¹ Austad 2006 om «Læra med å gjera».
- ⁷² Jærmuseet. Årsmelding 1996:125. Sjå elles tillegg til Sak 28/96 – Utlysing av stillingar.
- ⁷³ Jøssang 2010.
- ⁷⁴ Årsmelding 1996 (SJ 1997:121).
- ⁷⁵ Museumsplan for Sandnes – Høyningsfråsegn frå Jærmuseet, 3.9.1992.
- ⁷⁶ Årsmelding 2002 (SJ 2003:140).
- ⁷⁷ I NOU 1988:23 la han fram tankane sine. Sjå Trippstad 2009 for ein grundig vurdering av Hernes.
- ⁷⁸ Sølvberg 2004 og Tønneson 2004.
- ⁷⁹ «Samanliknar ein det integrerte natur- og kulturhistoriske formidlingsarbeidet ved JM og andre muse i Noreg, ligg JM langt framme. Den «nye» sentrale museumsfilosofien synest difor å likna mykje på JM sitt daglege formidlingsarbeid gjennom fleire år.» Årsmelding 1998 (SJ 1999:155).
- ⁸⁰ NOU 1996:7, 38–41.
- ⁸¹ Oppretta i 1994.
- ⁸² Stm 22 (1999–2000), 12–13.
- ⁸³ Årsmelding 2002 (SJ 2003:133) og fylgjande årsmeldingar.
- ⁸⁴ Det kan nok diskuterast kor treffande denne stiliserte framstillinga er. Læreplanverka (Normalplanen 1939, Mønsterplanen 1984 og 1987) var på den eine sida radikale og reformpedagogiske. På den andre sida stod den tradisjonelle pedagogikken likevel ganske sterkt. Til dette kjem meir lokale variasjonar.
- ⁸⁵ Luke 1997, Marshall and Peters 1997, Ball 2004 og Hargreaves 2004.
- ⁸⁶ Henning 2006, Hooper-Greenhill 1992 og 2002.
- ⁸⁷ NOU 1996:7, 11 og 39–42.
- ⁸⁸ Jf. Sjøberg, S. Norge – verdens vinner og taper. *Aftenposten* 31.1.2002. Hagen, I. Bakgrunn for anbefaling om vitensentre. 28.1.2000.
- ⁸⁹ Henning 2006:83.
- ⁹⁰ Henning 2006:84.
- ⁹¹ Årsmelding 1996 (SJ 1997:121).
- ⁹² Opplyst av MS 22.20.2010.
- ⁹³ NOU 1996:7.
- ⁹⁴ NOU 1996:7, 172.
- ⁹⁵ Årsmelding 1997 (SJ 1998:119).
- ⁹⁶ Opplyst av MS 22.10.2010.
- ⁹⁷ Gjennomslag for vitensenter på Jærmuseet. *Jærbladet*

- 22.12.1999.
- ⁹⁸ Brev frå JM til Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, 17.11.1998
- ⁹⁹ Årsmelding 1999 [SJ 2000:133].
- ¹⁰⁰ Brev frå JM til KKD, 13.10.1999.
- ¹⁰¹ Sjå t.d. Vitensentere i Norge: Pedagogikken bak interaktive utstillingar. Workshop Bergen, 31.5.1999 og program for «Møte i vitensentergruppen» på JM 27.8.1999.
- ¹⁰² Stm 39 1998/99:11,18 og 30.
- ¹⁰³ Stm 22 (1999–2000), 135, 139–141.
- ¹⁰⁴ Til strategidiskusjon, bakgrunnsmateriale om bakgrunnen for Museumsreforma. Udatert.
- ¹⁰⁵ Opplyst av MS 22.20.2010.
- ¹⁰⁶ Sjå t.d. Sak 16/88. Tilskotsordninga og fordelinga av det lokale tilskotet. Styremøte 9.5.1988. Elles var dette ein attergangar i årsmeldingane frametter.
- ¹⁰⁷ Årsmelding 2000 [SJ 2001:148].
- ¹⁰⁸ Jærmuseet inspirerte kulturkomiteen. *Jærbladet* 3.3.2000.
- ¹⁰⁹ Årsmelding 2000 [SJ 2001:146].
- ¹¹⁰ Vitensenter på Jæren. Forprosjekt våren 2001. Rapport, levert 2.8.2001. Sjå også Rapport. Bygging av vitensenteret på Jærmuseet.
- ¹¹¹ Jøssang 2004:40–42.
- ¹¹² Vitensenteret midt i matfaret. Etablering av vitensenter på Jærmuseet Kvia. Sluttrapport frå Jærmuseet, 1. juli 2005.
- ¹¹³ Same stad.
- ¹¹⁴ Vitensenter på Jæren. Forprosjekt våren 2001. Rapport, levert 2.8.2001.
- ¹¹⁵ Same stad.
- ¹¹⁶ Same stad.
- ¹¹⁷ Årsmelding 2002 [SJ 2003:140].
- ¹¹⁸ Prosjektleiar MG og MS, Utstillingsarkitekt, avd.leiar/sivilarkitekt Gro Persson, Museumspedagog Knut G. Austad, Konstruksjon/produksjon, mekanikar Endre Ueland og Prosjektmedarbeidar, historikar og kjemiingeniør Anne Jorunn Frøyen.
- ¹¹⁹ Søknad om tilskot til regionalt vitensenter, 30.6.2003.
- ¹²⁰ Vitensenteret midt i matfaret. Etablering av vitensenter på Jærmuseet Kvia. Sluttrapport frå Jærmuseet, 1. juli 2005.
- ¹²¹ Sak 14/01. Drøfting av vedtektsendringar. Styremøte 15.3.2001. Vedtekter for stiftinga Jærmuseet. Sist endra på årsmøte i Jæren Museumsråd 11. april 2002.
- ¹²² Årsmelding 2001 [SJ 2002:116].
- ¹²³ Årsmelding 2002 [SJ 2003:139–140].
- ¹²⁴ Vitensentre. Strategi for utvikling av regional vitensentre. Strategi- og kriterieutvalget, 21.5.2003.
- ¹²⁵ Brosjyre. Invitasjon. Konferanse om regionalt vitensenter for teknologi og industri. Sandnes 26.11.2002.
- ¹²⁶ Søknad om tilskot til regionalt vitensenter, 30.6.2003.
- ¹²⁷ Sak 25/03 Støtte til regionale vitensentra. Styremøte 26.6.2003.
- ¹²⁸ Årsmelding 2003 [SJ 2004:202].
- ¹²⁹ Søknad om tilskot til regionalt vitensenter, 30.6.2003. Det rullande vitensenteret blei finansiert over «Den kulturelle skolesekken» – jf. Stm 38 (2002–2003).
- ¹³⁰ Persson 2005.
- ¹³¹ Sandnes museum. Program for begrenset plan- og designkonkurranse for arkitekter. Vedlegg 4. Søknad om tilskudd til nybygg. Jærmuseets 3. byggetrinn/Sandnes Museum, 31.3.2005.
- ¹³² Årsmelding 2004 [SJ 2005:141–142].
- ¹³³ Arnestad 1995, Haraldsen et al 2004, Stm 48 (2002–2003), 178, Stm 22 (2004–2005), 17 ff..
- ¹³⁴ Søknad om tilskudd til nybygg. Jærmuseets 3. byggetrinn/Sandnes Museum, 31.3.2005. Sjå tilvisingar under 111.
- ¹³⁵ Vitenfabrikken og Abels skissebok. Rapport 2002–2008.
- ¹³⁶ Same stad.
- ¹³⁷ Årsrapport 2008:6.
- ¹³⁸ Vitenfabrikken og Abels skissebok. Rapport 2002–2008.
- ¹³⁹ Grimstvedt et al. 1996.
- ¹⁴⁰ Grimstvedt 1991a, 1991b og 1999.
- ¹⁴¹ Grimstvedt 2000. Det var ein del av prosjektet «Plast i det moderne Norge» i regi av Norsk Teknisk Museum.

¹⁴² Grimstvedt 2001.

¹⁴³ Grimstvedt 2009a og 2009b.

¹⁴⁴ Snørteland 1999 og Grov og Snørteland 2005.

¹⁴⁵ Et – på kjøkkenet i Rogaland. Størseth 2002.

¹⁴⁶ Stm 22 (2004–1005), 119.

¹⁴⁷ Olsen 2003.

¹⁴⁸ Frå og med statsbudsjettet i 2008 hadde Fiskeri- og kystdepartementet, via Kystverket gjeve årlege driftstilskot til eit eige etatsmuseum for Kystverket. Etatsmuseet er organisert som ein nettverksmodell med eit felles nasjonalt dokumentasjonsansvar fordelt mellom Lindesnes fyr-museum, JM/Tungenes fyr, Sunnmøre Museum/Dalsfjorden fyr-museum og Mueseum Nord/Lofotmuseet. Ut frå denne satsplanken har JM planar om å utvikla eit maritimt vitensenter. Sjå også Gurandsur 2009.

¹⁴⁹ I årsrapporten for 2007 er det tale om rapporteringsansvar (JM 2007:3).

¹⁵⁰ Garborgsenteret – spørsmål om organisering med Jærmuseet. Styremøte 18.1.2005, Sak 03/05. Leiaren i *Jærbladet* ligg ved sakspapira, utan datomerking.

¹⁵¹ Her skal det bli liv. *Stavanger Aftenblad* 9.10.2010.

¹⁵² Denne samlekarakteristikken skriv seg frå diktaren Inge Krokan. I Bugge og Steen 1942:100–195.

¹⁵³ Den er Garborg-biografen Rolv Thesen opphavsmann til.

¹⁵⁴ Denne driftsstrukturen dokumenterer årsmeldingane til fulle.

¹⁵⁵ Arbeidsmiljøundersøkinga 2010. Utarbeidd av AMU. Jærmuseet 17.8.2010.

¹⁵⁶ Årsrapport 2009:4.

¹⁵⁷ Evaluering av vitensenterprogrammet. Ekspertgruppens rapport. 01.20.2009.

¹⁵⁸ Jøssang 2004:321 ff.

¹⁵⁹ Vitenfabrikken og Abels skissebok. Rapport 2002–2008 – viser dette klart.

¹⁶⁰ Opplyst av MS 22.10.2010.

¹⁶¹ Dette er eksplisitt nemnt i Sak 03/05 Garborgsenteret

– spørsmål om samorganisering med Jærmuseet.

Styremøte 18.1.2005.

¹⁶² Stm 49 (2008–2009), 13.



Jærmuseet har vore på personalturar dei siste åra. Hausten 2009 var denne gjengen på besøk hjå museumskollegaer på Jylland i Danmark. Tilsette ved Hå gamle prestegard og Magma Geopark var også med på turen.

Foto: Hallvard Nygård, Jærmuseet.